

**UNIVERSITETET I BERGEN**

**ÅRSMELDING**

**1996**





# **INNHOLD**

<b>FORORD</b>	<b>4</b>
<b>GLIMT FRÅ 1996</b>	<b>6</b>
<b>UNDERVISNING OG STUDENTAR</b>	<b>8</b>
<b>FORSKING</b>	<b>13</b>
<b>UNDERVISNINGS- OG FORSKINGSSAMARBEID</b>	<b>16</b>
<b>FORMIDLING OG SAMFUNNSKONTAKT</b>	<b>21</b>
<b>UNIVERSITETET SOM ARBEIDSPLASS</b>	<b>24</b>
<b>ØKONOMI OG RESSURSAR</b>	<b>26</b>
<b>ADMINISTRASJON OG STYRING</b>	<b>29</b>
<b>TEMAARTIKKEL:</b>	
<b>DEN MEDISINSKE UTFORDRINGA</b>	<b>33</b>
<b>VERKSEMDA VED FAKULTETA</b>	<b>34</b>
<b>BERGEN MUSEUM</b>	<b>49</b>
<b>UNIVERSITETSBILOTEKET</b>	<b>51</b>
<b>DET AKADEMISKE KOLLEGIUM</b>	<b>53</b>
<b>ORGANISASJONSKART</b>	<b>54</b>

# EIT UNIVERSITET I TAKT MED TIDA

Universitetet i Bergen sitt jubileum i 1996 var prega av at det var ein vital og jordnær 50-åring som feira seg sjølv. Jubileumsåret bar bod om at utfordringane og oppgåvene er mange for Universitetet fram mot årtusenskiftet, men også om ein institusjon som er godt rusta til å møte desse. Det omfattande historieverket om Universitetet, som kom ut i jubileumsåret, kan verte eit godt draft å ha når kursen for dei neste åra skal reknast ut.

Historia om Universitetet i Bergen fortel om ein institusjon som har vaks fra å vere byborgarskapet sitt hjartebarn og eit vindu mot verda og vitskapen, til å verte ein sjølvstendig aktør på den internasjonale forskingsarenaen. Bergens Museum, som vart grunnlagt i 1825, utvikla seg frå ei samling av «naturalier» til ein sjølvstendig vitskapleg institusjon. Universitetet vaks opp som eit ektedefødt born av museet og forskarmiljøet der. Med seg som dåpsgaver fekk det nye universitetet etablerte fagmiljø i naturvitenskap og humaniora, og da det nye universitetet også starta undervisning i medisin, kunne det bygge på ein sterk og levande fagtradisjon også her, knytt til forskarar som Armauer Hansen og hans ettermenn, og til Gades institutt. Ved inngangen til 70-åra fekk samfunnsfaga og odontologane sine fakultet, og eit tiår seinare kom dei juridiske og psykologiske fakulteta.

Slik vaks Universitetet i Bergen opp, dels ved å føre vidare tradisjonar fra Bergens Museum og dels som eit supplement til, eit alternativ til og ei «motvekt» til Universitetet i Oslo. Fleire av dei nye faga i Bergen vart prega av at det var ein ny generasjon forskarar som fekk forme dei. På fleire område vart difor Universitetet i Bergen målbar for nyare teoretiske retningar og perspektiv. 50-årsjubileet markerer også at denne forskargenerasjonen no er på veg over i pensjonistane sine rekkrer, og endå ein ny generasjon forskarar er klar til å ta over.

Universitetet i Bergen har i fleire år

førebuð seg på dette generasjonsskiftet, mellom anna med eit forskarutdanningsprogram som er bygd opp mellom anna ut frå erkjenninga av at vi i stor grad må bygge på sjølvrekuttering. Samstundes har institusjonen gode tradisjonar med å tilsette forskarar frå andre fagmiljø, mellom anna er talet på utanlandske forskarar ved Universitetet høgt. Ein ny forskargenerasjon samansett av «eigenproduksjon og importvare» vil både kunne sikre kontinuitet i bergensforskinga og at dei ulike fagområda vert prega av vitalitet også utover i det neste hundreåret.

Utviklinga av forskingsmiljø i Bergen er nær knytta til Universitetet sin funksjon som utdanningsinstitusjon. Historia syner også at veksten til Universitetet har vore knytta til veksten i studenttalet, med særleg tjukke årringar på 60-talet og fra midten av 80-talet. Det siste ti-året har Universitetet teke imot stadig fleire utdanningssøkjande og lagt seg ut meir enn førtiåringar flest. Som 50-åring kan det sjå seg tilbake og seie at «saumen holdt», men samstundes aner ein at det kan gjere vondt å stramme inn beltet dei neste åra. Studentveksten er takla, men vi kan sjå teikn på at både forskinga og arbeidstilhøva for dei tilsette har vorte skadelidande. Idag treng ein ressursar til å styrke kvaliteten på forsking og utdanning, og fridom til å kanalisere midla dit det trengs. Presset på forskarane er stort, og det vert større av at slitasjen og mangelen på vitskapleg utstyr er kritisk innan fleire fag. Det trengst også ei styrking av innsatsen når det gjeld studiekvaliteten, og ei sterkare prioritering av kapasiteten på høgare grads studier, no som dei store studentkulla har nådd dette stadiet i utdanninga si.

Mykje tyder på at studenttalet har nådd ein topp, men det kan i seg sjølv verte ein utfordring for eit universitet. «Forskningsbasert undervisning» er eit fundamentalt prinsipp for universitetet. På eitt vis er dette prinsippet no snudd på hovudet, i og med at statlege

loyvingar til forskinga mellom anna skjer på grunnlag av studenttal og måltal for utdanninga. Slik sett kan forskinga faktisk verte skadelidande om studenttalet skulle synke drastisk. For universiteta vil det klart verte ei utfordring å skape forståing for at forskinga må støttast for å halde oppe og utvikle det nivået ein legg på.

Banda til Bergen og Vestlandet pregar historia til Universitetet i Bergen. Det var difor naturleg at dette fekk ein sentral plass i jubileumsfeiringa. Mellom anna vart opninga av den nye botaniske hagen og dei mange publikumsretta «Open dag»-arrangementa godt tekne i mot av bergensarane. Men også i det daglege har Universitetet nær kontakt med regionen. Universitetet i Bergen står som fagleg fadder, partnar og garantist i fleire samarbeid med høgskular på Vest- og Sørlandet, og innan medisinfaga er det no i gang eit viktig samarbeid med fylkeskommunene på Vestlandet om bruk av sentrale sjukehus i utdannings- og forskingssamanhang. Den største arbeidsgjevaren i Bergen kommune yter også meir enn skattepengar til sine nære omgivnadar. Næringslivet og det offentlege nyt ikkje berre godt av å ha ein samarbeidspartner til stades innan kunnskaps- og forskingsbransjen, dei merkar også at dei mange studentane tek aktivt del i kulturliv, uteliv og politisk verksamhet, og at dei nyutdanna kandidatane fyller viktige plassar i arbeidslivet.

Universitetet er medviten om at det er vaks opp og høyrer til i regionen, og regionen set pris på å ha ei slik samling av fagleg kompetanse her. Dette er eit godt utgangspunkt for å møte dei aukande resultatkrava som stillast forskinga. Ein stadig større del av forskinga vert finansiert utanom dei departementale loyvingene, og eit kontaktnett med sentrale samfunnsaktørar i regionen kan syna seg særstak i framtida, både for forskingas innhald og for fremminga av ho.

Dei politiske signala til universitets- og høgskulesektoren dei siste åra

inneheld også eit krav om klærare profilering i høve kva fag den einskilde institusjon har særleg kompetanse på. For universitetet må dette balanserast mot krava om kontinuitet og breidde i forsking og fagtilbod. Dette set universiteta i ei særleg vanskeleg stilling når nye spesialitetar skal utviklast eller gamle byggjast ut. Vi kan ikkje berre skifte om på fagporteføljen etter skiftande mote og etterspurnad. Universitetet har eit ansvar for å forvalte ein samanhengande og heilskapleg forskingstradisjon på eit breitt utval fagområde. Vi må makte å finne rom for fornying og nybyggjing utan å øydeleggje det faglege arvegodset og å forsvinne ansvaret vårt som brei kunnskaps-, forskings- og kulturinstitusjon.

Universitetet i Bergen har teke mål av seg å bli det mest internasjonale universitetet i Noreg. Forsking er i seg sjølv ei verksemd som går på tvers av landegrenser, og Universitetet i Bergen freistar målretta å legge forholda til rette for at forskarane og studentane skal kunne delta i internasjonale fora og pleie både formelle og uformelle kontaktar. Utvikling av samarbeid med Den tredje verda er eit strategisk mål for Universitetet, som også ligg langt framme i formaliserte samarbeid innan dei europeiske forskings- og utdanningskanalane. Dei siste åra har ein også merka ein auke i samarbeid med vitskaplege institusjonar i Aust-Europa og i Asia. Det er ikkje utan grunn at det internasjonale utdannings- og forskingssamarbeidet er via særleg stor plass i denne årsmeldinga.

Det kan synast som eit stort sprang fra professorkolleget ved gamle Bergens Museum til dagens samansette og internasjonalt medvitne mengd av forskarar. Finns det ein kjensle av kollegialitet ved dagens Universitetet? Dei finns nok, dei forskarane som har ein sterkare identitet knytta til sine internasjonale fagmiljø enn til arbeidsgjevaran sin. Men i så høve var eit av dei mest oppmuntrande resultata av jubileumsfeiringa i 1996 at fagmiljøa deltok i arrangementa med stor entusiasme og kreativitet. Dét var eit teikn på, og for nokon kanskje ei påminning om, at tilhøret til Universitetet i Bergen er eit fundament for den internasjonale

forskinga. Og at røtene frå Bergens Museum fortsatt gjev næring til vitskapleg verksemd ved eit universitet i takt med tida, i eit breitt fagleg fellesskap mellom tilsette og studentar som er stolte over og glade i Universitetet i Bergen som arbeidsplass og som forskings- og utdanningsinstitusjon.



Jan Fridthjof Bernt Kåre Rommetveit  
Rektor Universitetsdirektør

# GLIMT FRÅ 1996

## Januar

Forskningsadministrativ og studieadministrativ avdeling ved Universitetet vert slegne saman. Forsknings- og utdanningsavdelinga er namnet på den nye administrative eininga, som får Kristen Haugland som direktør.

– Dette vert som å hoppe etter Wirkola, seier Jan Fridthjof Bernt i det han tek over rektorkjedet frå Ole Didrik Lærum på eit arrangement i Grieghallen 12. januar. Per Lundgren sitt måleri av Ole Didrik Lærum vert avduka og plassert i kollegierommet.

## Februar

Kvinner og lågare teknisk personale vert prioriterte i det lokale lønsoppgjeret. Nesten to millionar kroner vert fordelt til totalt 205 personar i lokale tillegg ved UiB.

## Mars

Dei tilsette ved universitetsklinikken slår alarm: Haukeland er ikkje i stand til å fylle rolla som universitetssjukehus. – Vi brukar fritida til forsking og andre universitetsoppgåver, seier instituttstyrar Sylvi Aanderud ved Medisinsk avdeling B.

## April

Fakultetsstyret ved Det medisinske fakultet vedtek å opprette ein eigen studiekvalitetspris, som skal gå til beste undervisningsmiljø på fakultetet. Prisen er på 25 000 kroner.

Knut Fægri feirar 50-årsjubileum som professor i botanikk. Han er den einaste som har undervist ved Universitetet heilt frå 1946.

## Mai

Ei uvanleg familiefeiring: Søstrene Nina og Ragnhild Willumsen disputerer båe i juni. Nina tek doktorgraden i medisin, medan Ragnhild er tilknytt Seksjon for lingvistiske fag.

Reperbanen i Fjøsangerveien i Bergen brenn ned natt til 17. mai, og unike gjenstandar frå utgravingane på

Bryggen går tapt. Gjenstandane tilhørde Bergen Museum, og skulle like etter flyttast til eit anna lokale.

## Juni

UiB sel delar av eigedomme ved Marinbiologisk stasjon på Espeland. Det er planlagt å bygge nytt hybelhus i samband med Institutt for fiskeri- og marinbiologi sin feltstasjon på området.

Tidlegare UiB-rektor Ole Didrik Lærum vert utnemnd til kommandør av St. Olavs Orden.

## August

Universitetet feirar 50 år, med vitjing av mellom anna Dronninga og Statsministeren. Jubileumsveka går av stabelen 20. - 24. august.

## September

Griegakademiet — institutt for musikk får hovudsatsdanning i musikkvitenskap og utøvande musikk med fordjupingsemne.

133 brev som diktaren Olav H. Hauge sende til venen Jan Erik Vold vert overrekte til Universitetsbiblioteket i Bergen. Professor Idar Stegane ved Nordisk institutt har teke initiativet til å samle Hauge sin omfattande korrespondanse med lyrikarar og litteraturforskarar i inn- og utland.

6 hovedfagsstudentar frå Institutt for sammenliknende politikk er observatørar ved det første valget i Bosnia.

Dei fleste av dei fremste filosofane og vitskapsteoretikarane i landet er samla til seminar på Voss, for å feire 70-årsdagen til filosofen Hans Skjervheim.

## Oktober

Kjell Bernstrøm vert direktør for den nye Personal- og økonomiavdelinga. Han kjem frå Norges Bank og har utdanning frå Institutt for økonomi ved UiB.

Anne Marit Skarsbø vert tilsett som likestillingsrådgjevar ved Universitetet. Ho kjem frå tilsvarande

stilling i Fylkeskommunen, og tiltre i januar 1997.

25. oktober markerer Institutt for mikrobiologi 50-årsdagen for at HM Kong Haakon la ned grunnsteinen til UiB sitt første nybygg på Florida. Samtidig feirar instituttet sitt eige 30-årsjubileum.

Norsk samfunnsvitskapleg datateneste feirar 25-årsjubileum.

Førstemanuensis cand.med. Sigurd Seim vert tildelt Kongens fortjenestemedalje for innsatsen sin ved Det medisinske fakultet.

Amanuensis Frank Aarebrot ved Institutt for sammenliknende politikk vert koordinator for det internasjonale valobservatørkorpset i Litauen.

Senter for internasjonal helse ønskjer å innføre regelmessige helseundersøkjingar for dei tilsette ved senteret, men administrasjonen ved Universitetet seier nei.

## November

Dei psykologiske poliklinikkane jubilerer. – Bergensmodellen har danna mønster for andre universitet, seier instituttstyrar Tor Løberg ved 25-årsjubileumsseminaret.

Studentersangforeningen held jubileumskonsert i Håkonshallen, for å markere 50-årsjubileet sitt.


Nansenserteret feirar 10-årsjubileum med ei samling av nokre av dei fremste klimaforskarane i verda.

Kolleget vedtek å seie opp alle langtidsleigeavtalar om parkeringsplassar ved Universitetet.

Knut Fægri sin «krydderbibel», «Krydder — på kjøkkenet og i verdenshistorien» frå 1966, blir gjeven ut på ny.

## Desember

Regionsenter for barne- og ungdomspsykiatri i Vest vert opna som ei sjølvstendig eining under Unifob. Dette er eit



**Januar**, to rektorer: Jan Fridthjof Bernt avduka biletet av Ole Didrik Lærum.



**Februar**: Utdanningsmessa i Arenum samlar kvart år tusentals utdanningssökande.



**25. April**: Stiftelsesdagen til Universitetet vart markert med Studentkor og regnvær.



**August**: Dronninga deltok på kreeringa av 22 nye æresdoktorar ved Universitetet i Bergen.



**Mars**: Driftsoperatør Tor Bekkevold losser 22 tonn med universitets-historie.



**Oktober**: Hovudfagsstudent Eli Haugen, Zoologisk inst ved ein av dei åpne fakultetsdagane om hausten.



**Oktober**: Rhine Skaanes frå Den Nationale Scene underheld på eit av Laurdagsuniversitet-forelesingane.



**November**: Seksjon grupper frå heile Europa deltek på videooversørt «Humanities»-seminar frå Bergen.



**September**: Performance-kunstnaren Kjartan Slettemark underheld på Muséplass.

# UNDERVISNING OG STUDENTAR

## BETRE HOVUDFAGSTUDIE

**Tida ein student bruker for å gjennomføre hovudfagsstudiet blir kortare, og resultata på hovudfaga blir betre.**  
**Dette er mellom anna eit resultat av innsatsen Det historisk-filosofiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet har gjort for å betre forholda på hovudfaga. Ei rekkje tiltak er sette i verk, særleg dreiar det seg om tiltak som skal knytte studentane tettare til institutta og rettleiarane. Det er eit mål at alle laudable kandidatar skal få kome inn på hovudfaga.**

## EMNEINNDELING AV GRUNNFAG

**Oppbygginga av og innhaldet i cand.mag.-graden skal reviderast. Det samfunnsvitskaplege fakultet har allereie gått inn for at fagstudia skal delast inn i mindre emne. Faga skal samordnast, og metodeopplæringa styrkast. Dette er ein del av planane for ny studiestruktur ved fakultetet. Fagmiljøa sjølv skal ha avgjерande innverknad på dei endringane som skal skje.**

Universitetet i Bergen deltok i 1996 for første gang i det nasjonale studentopptaket Samordna Opptak, og i det nye Felles Studentsystem. 21 056 søkerar hadde ført opp Universitetet som studieønskje. I overkant av 6 000 hadde Bergen som førsteval. Talet på søkerar i 1995 var 15 540. Pågangen i 1996 var tilstrekkeleg til å fylle dei ledige studieplassane ved Universitetet.

Sjølv om søkerkartalet gjekk opp med nesten 6 000 frå 1995, var karakterkrava omlag dei same i 1996 som året før. 2 369 vart etter hovudopptaket i juli ikkje funne kvalifiserte, mot 1 944 året før.

Studentopptaket var lagt opp slik at storparten av søkerane fekk studere

det dei ønskte mest. Ved opptaket i 1996 var dei fleste faga opne ved Det historisk-filosofiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet. Difor var det på dei fleste faga mogleg for søkerar som ikkje fekk tildelt studieplass å take eksamen som privatistar. Det same gjaldt for grunnfaga ved Det juridiske fakultet og Det psykologiske fakultet. Ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet var mange fleire av faga lukka, mellom anna fordi kapasiteten på laboratorieplassar set grenser for studenttalet. Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet har kullbaserte, lukka studium.

Studenttalet totalt heldt seg på same nivå i 1996 som i 1995. Presset på hovudfag har likevel auka. Til ledige

**Tab. 1: Registrerte studentar hausten 1996, per kjønn, fakultet og nivå.**

	Lågare grad K T	Profesjon K T	H-fag K T	Dr. grad K T	E.v.utd K T	Føreb. K T	Andre K T	Sum K T
HF	1770	2782	*61 *121	574 884	81 151			2900 4593
MN	624	1596		256 711	99 334			979 2641
MD	143	200	425 812	98 165	75 168			742 1346
OD	3	7	86 166	4 6	12 23	4 12	38 41	147 255
SV	970	1769		418 835	55 126			1622 3098
JU	49	93	1261 2468		3 12			1313 2573
PS	832	1159	201 299	14 18	28 43	125 186		1200 1705
EXPH			19 24			877 1436	12 15	889 1451
ANDRE								19 24
SUM:	4391	7606	2053 3890	1364 2618	353 857	129 198	1470 2460	61 81
								9811 17686

K=kvinner; T=total; H-fag=hovudfag; Dr.grad=doktorgrad; E.v.utd.=etter- og videreutdanning  
Mastergrad er registrert saman med hovudfag \*Griegakademiet

**Tabell 3: Fylkesstatistikk pr. 3. desember 1996**

FYLKE	HF FAK.	MN FAK.	MED FAK.	ODONT FAK.	SV FAK.	JUR FAK.	PSYK FAK.	EXPHIL. ANDRE	ETTER V.UTD.	SUM
Østfold	101	33	29	12	61	46	25	13		320
Akershus	93	35	57	4	60	53	39	21		362
Oslo	98	21	65	9	52	46	18	9		318
Hedmark	57	19	19	4	32	28	20	6		185
Oppland	49	19	27	5	36	30	19	6	1	192
Buskerud	78	42	31	4	57	55	21	14		302
Vestfold	91	43	25	7	55	67	30	20		338
Telemark	75	48	34	7	59	31	13	12		279
Aust-Agder	96	47	41	2	53	39	45	8	1	332
Vest-Agder	163	75	38	5	113	34	54	9	4	495
Rogaland	704	421	162	41	410	522	351	237		2848
Hordaland	1803	1162	407	102	1339	1020	710	678	12	7233
Sogn & Fjordane	277	155	49	9	215	135	97	79		1016
Møre & Romsdal	266	167	82	25	182	205	137	257	5	1326
Sør-Trøndelag	79	20	32	7	51	78	21	11		299
Nord-Trøndelag	37	13	7	5	25	31	11	4		133
Nordland	97	38	21	19	56	66	31	14	1	343
Troms	59	16	7	12	39	18	6	10		167
Finnmark	18	8	2	7	21	10	3	3		72
Sum m/kommnr.	4241	2382	1135	286	2916	2514	1651	1411	24	16560
Uten kommnr./utl.	352	259	147	33	182	59	54	40		1126
SUM	4593	2641	1282	319	3098	2573	1705	1451	24	17686


plassar på hovudfaga var det i 1996 i alt 1 332 søkerar, og talet har auka med omlag ti prosent kvart av dei siste tre åra. 834 nye hovudfagsstudentar vart tekne opp i 1996, og det var like mange som dei føregåande åra. Av dei nye hovudfagsstudentane var 408 (48,9 prosent) kvinner, omlag det same som i 1995.

Frå og med hausten 1997 blir det innført eit nytt opplegg for semesterregistrering. Studentane skal da kunne utføre registrering og emnepåmelding sjølv via dataterminalar.

#### Utvikling i studenttal

Ved utgangen av 1996 var det

**Fig. 1: Antal studentar fordelt på nivå i haustsemesteret perioden 1990-96.**



registrert 17 686 studentar ved Universitetet i Bergen, mot 17 772 hausten 1995. Talet inkluderer 1 602 filialstudentar og studentar utan studierett. 40 prosent av studentane kom frå Hordaland fylke.

- Tab. 1 syner registrerte studentar hausten 1996.
- Tab. 2 syner kandidatar på høgare grads studium i 1996 fordelt på fakultet og kjønn.
- Tab. 3 syner studentar i haustsemesteret etter heimstadfylke.

Máltalet er det talet styresmaktene legg til grunn ved løvning til studieplassar. Máltalet for 1996 var 17 560. Universitetet i Bergen hadde dermed 126 fleire studentar enn det styresmaktene sette som krav.

Resultatgraden på lågare grad var på 98 prosent. Det juridiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet låg under kravet, medan psykologifaga og ex.phil. hadde fleire studentar enn måltalet. Innan profesjonstudia og for høgare grad er resultatgraden høgare enn måltalet, med 109 prosent for profesjonstudia og 113 prosent for hovudfag og mastergrad.

#### Utvikling i kandidattal

Talet på uteksaminerte hovudfagskandidatar per år har auka kraftig på 90-talet. Medan Universitetet i 1990 uteksaminerte 274 hovudfagskandidatar, var talet 601 for 1996.

Talet på mastergradskandidatar har også auka kraftig dei siste fem åra, frå 11 i 1992 til 44 i 1996.

Samla vart dermed 645 kandidatar uteksaminerte frå hovudfag og mastergrad i 1996. Det er 75 fleire enn måltalet styresmaktene hadde sett opp.

I tillegg kjem 324 kandidatar med fullført profesjonsutdanning.

Dermed blir det samla talet kandidatar på høgare grad (hovudfag, mastergrad,

profesjonsutdanning) 969 i 1996, mot 958 i 1995 og 755 i 1994.

Utviklinga støttar prognosar som syner at

#### CAND.SAN.-STUDIET

**26. august 1996 starta 27 studentar i det første kullet på hovudfag i helsefag ved Institutt for samfunnsmedisinske fag. Det nye hovudfaget omfattar etablerte studierettingar i fysioterapivitskap og sjukepleievitskap, og på sikt er det planar om å utvide tilbodet med fleire studierettingar. Alle studentane startar med ein felles undervisningsdel på ti vekttal, før dei går vidare innan ei av retningane.**

#### STUDENTAR OG INFORMASJONSTEKNOLOGI

**Ein eigen strategiplan for bruk av informasjonsteknologi for studentar er utarbeidd. Det er lagt opp til ein treårig handlingsplan for å auke PC-bruken blandt studentar. Dette skal mellom anna gjerast ved å auke talet på student-PCar, installere linjeuttak for tilkopling av private maskiner på lesesalar, og ved å gjere ekstern oppkoppling mot Universitetet enklare for studentane.**

**Tabell 2: Kandidatar på høgare grad i 1996, per kjønn, fakultet og grad.**

Høgare grad Fakultet	Grad	Vår 1996		Høst 1996		Sum 1996	
		Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
HF	Cand. philol.	104	76	77	48	181	124
	Mastergrad	4	4	3	2	7	6
	Cand.polit.	6	3	3	2	9	5
	Hovedfag (disp)	2	2	2	1	4	3
MN	Cand. scient.	133	59	80	33	213	92
	Mastergrad	6	1	18	5	24	6
MD	Cand. med.	32	10	27	17	59	27
	Cand. scient.	12	4	7	4	19	8
	Fysioterapi	2	2	4	2	6	4
	Cand. polit.sykepl.	3	3	2	2	5	5
	Mastergrad			2		2	0
OD	Cand. odont.	35	19			35	19
	Mastergrad			3	1	3	1
SV	Cand. polit.	99	52	66	39	165	91
	Cand. philol.					0	0
	Mastergrad	8				8	0
JUS	Cand. jur.	100	47	80	38	180	85
PS	Cand. psychol.	22	10	31	19	53	29
	Mastergrad	8	6	4	1	12	7
Sum høyere grad		576	298	409	214	985	512

## UTTELJING PÅ SAMORDNING

### Fleire studium ved

Universitetet vart betre kjent blant søkjarane enn dei har vore tidlegare, i og med innføringa av det samordna opptakssystemet. Dette kan forklare noko av den store veksten i talet på søker. Ei streng samanlikning med tidlegare års opptak er vanskeleg, men etter alt å døme ført systemet til at Universitetet nådde fleire potensielle søkerar med informasjon om dei ulike studietilboda.

talet på kandidatar vil bli stabilt på i underkant av eitt tusen dei neste åra.

- Fig. 1 syner registrerte studentar i haustsemesteret fordelt på nivå i perioden 1990-1996.
- Fig. 2 syner studentar på hovudfag i perioden 1990-1996.

## Studiekvalitet


Strategisk plan for studiekvalitet har danna grunnlaget for Universitetet sitt arbeid med å skape betre arbeids- og studietilhøve for studentane ved institusjonen. Den strategiske planen vart utarbeidd i 1991, og legg vekt på å styrke kvaliteten i undervisninga både organisatorisk og pedagogisk. Det er også etablert tilbod om lese- og skrivetrening, og bruk av multimedia og datastøtta lærings. Andre tiltak er fadderordning for nye studentar, innføringskurs på hovudfag og hovudfagskontrakt.

Det er oppretta eit Kontor for studiekvalitet ved den nye Forsknings- og utdanningsavdelinga, som mellom anna har utarbeidd eit program for evaluering og kvalitetsutvikling av forsking og undervisning ved institusjonen. Programmet startar i 1997.

Hausten 1993 vedtok Kollegiet å auke innsatsen bak kvar hovudfags- og doktorgradskandidat på Det historisk-filosofiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet. Talet på hovudfagsstudentar pr. rettleiar var så høgt at Kollegiet meinte å sjå at det gjekk ut over effektiviteten.

Det er ikkje gjort ei full evaluering av tiltaket, men foreløpige tal fra HF-

**Fig. 2: Studentar på hovudfag i haustsemesteret i perioden 1990-96.**



fakultetet tyder på at dei organisatoriske endringane som skjedde har hatt god effekt. Tala viser ei klar betring i studiegjennomføring på hovudfaga. Ei satsing på auka rettleiingsinnsats på hovudfagsnivå ser dermed ut til å vere ei god investering.

For ikkje å måtte avvise laudable søkerar til hovudfag, har det i 1996 blitt teke opp fleire studentar til hovudfaget enn det strengt teke har funnest ressursar til. Kostnaden per studieplass er pressa til eit minimum, og situasjonen vil ikkje bli lettare etter inndragninga av 19 hovudfagsplassar i statsbudsjettet for 1997. Kollegiet legg no særleg vekt på å prioritere ei utviding av opptaket på hovudfags- og doktorgradsnivå. Dette gjeld både dei tradisjonelle hovudfagsfakulteta og den nye cand. san.-graden innanfor helsefaga.


Studentar med lærings- og eksamsproblem fekk tilbod om individuell rettleiing gjennom det nye «Prosjekt studiemeistring». Program for læringsforskning står bak tilboden. Tilboden vart brukt av studentar frå alle fakulteta i løpet av det første året, men det er framleis for tidleg å seie noko om kor mange studentar det er som ønskjer slik støtte.

Kollegiet vedtok å vidareutvikle og styrke Kontor for funksjonshemma studentar, ved at det vert oppretta ei ny stilling.

## Kjønnsfordeling blant studentar

Det har dei siste åra vore eit fleirtal av kvinnelege studentar ved Universitetet i Bergen. Dei siste sju åra har prosentdelen kvinner lege ganske

**Fig. 3: Kandidatar på høgare grad i perioden 1990-96.**



stabilt rundt 55. I 1996 var 55,5 prosent av dei registrerte studentane kvinner.

Talet på kvinner som tok høgare grads eksamen var i 1996 512, omlag det same som året før. Prosentdelen av kvinnelege kandidatar på høgare grad var 52, mot 53,9 året før. Fordelinga av kvinner og menn mellom fakulteta syner at kvinnene utgjer eit klart fleirtal av den totale studentmassa på Det historisk-filosofiske fakultet (63%), Det psykologiske fakultet (70%) og ved Examen Philosophicum (61%), medan Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet er det einaste som skil seg ut med eit klart mannsfleirtall blandt studentane (63%). Tendensane er dei same på både lågaregrads og høgaregrads studienivå. På doktorgradsnivå er det berre Det psykologiske fakultet som kan seiast å ha ein kvinnedominert studentmasse. På dette nivået blir også Det juridiske fakultet merkbart mannsdominert.

- Fig. 3 syner kandidatar på høgare grad i perioden 1990-1996 fordelt på kjønn.

#### Nye studium og fag

Frå og med haustsemesteret 1996 vart eit nytt studieopplegg innan helsefag sett i verk ved Institutt for samfunnsmedisinske fag. Studieopplegget involverer førebels sjukepleievitskap og fysioterapivitskap, men vil bli vidareutvikla i åra som kjem. Den nye høgaregradsutdanninga i helsefag leier fram til cand. san.-graden. 16 studentar vart tekne opp ved studieretninga sjukepleievitskap og 10 ved fysioterapivitskap i 1996.

Det medisinske fakultet hadde hausten 1996 det første kullet under den såkalla «150-planen». Planen er eit resultat av at Stortinget i statsbudsjettet for 1996 vedtok å auke utdanningskapasiteten i medisin med 75 studieplassar. 30 av desse vart tildelt UiB. Auken i studenttalet kom berre eitt år etter at studentoppaketet på fakultetet vart auka frå 70 til 120 studentar i året.

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet starta i 1996 ei tverrfagleg, miljørelatert 20-vekttalsgruppe på lågare grad. Dette er i tråd med fakultetet si satsing på miljøfag og -forskning.

Etter opprettinga av Griegakademiet i 1995, har det blitt oppretta eit nytt hovudfag i musikkvitenskap og utøvande musikk med fordjupingsemne ved Institutt for musikk.

Kollegiet har vedteke å endre namnet på delfaget i edb for humanistar til delfag i humanistisk informatikk. Det vart oppretta eit nytt hovudfag i datalingvistikk ved Det historisk-filosofiske fakultetet. Delfag i EDB og historie og delfag i moderne litteratur og litteraturteori er også etablerte som nye vidareutdanningstilbod ved fakultetet, som dessutan fekk oppretta eit grunnfag i humanistisk informatikk (namnet på faget er enno ikkje avklart).

Grunnfaget i romersk kultur vart vedteke lagt ned frå studieåret 1996/97, fordi faget har hatt for få studentar.

#### Studentvelferd og studie-administrasjon

Saman med Studentsamskipnaden deltek Universitetet i Bergen i «Prosjekt studiestart». Dette prøveprosjektet er eit velferdstiltak for nye studentar, med finansiering frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

I samarbeid med Studentsamskipnaden har Universitetet etablert barnehagetilbod for barn av både tilsette og studentar.

Universitetet legg vekt på å skaffe gode lokale for å dekkje studentane sine behov. Studentsamskipnaden og Det Akademiske Kvarter disponerte ved utgangen av 1996 15 411 kvadratmeter av Universitetet sine lokale. Det er ein auke på i underkant av 2 000 kvadratmeter i høve til 1995. I det auka kvadratmetertalet ligg nytt administrasjonsbygg for Studentsamskipnaden i Villaveien 10, studentareal i Christiesgt. 12 (Det psykologiske fakultet) og ved Det medisinske fakultet på Årstadvollen.

Den nye idrettshallen på Fantoft vart teken i bruk på slutten av 1995, og får driftstilskot frå Universitetet. Saman med Det Akademiske Kvarter har hallen vore med på å styrke studentmiljøet i Bergen. Byen framstår i dag med eit blomstrande studentmiljø, med eit levande mangfold av aktivitetar. Slik står

**PRIORITERTE STUDIETILBOD**  
**Det er eit hovudmål for Det akademiske kollegium å prioritere utviding av opptaket til hovudfags- og doktorgradsstudia. Dette blir vurdert som så viktig at ein om naudsynt vil gjere om lågare grads studieplassar til hovudfags- og doktorgradsplassar. På hovudfagsnivå treng ein særleg nye plassar ved Det historisk-filosofiske fakultet og Det samfunnsvitenskaplege fakultet. Det er også eit stort behov for utbygging av hovudfagsplassar innan den nye cand.san.-graden i helsefaga. Ei vidare utbygging av hovudfaget i musikk vil også krevje tilførsel av nye midlar til stillingar. Dette studietilbodet krev dessutan areal til personale, undervisnings- og biblioteksformål. Stortinget har vedteke eit utvida opptak til profesjonsutdanningane i medisin og psykologi. Dette er særleg kostnadskrevende studie, og utbygginga av studieplassar må dekkast med tilføring av midlar til nye studieplassar.**

## MIDLAR TIL ETTER- OG VIDAREUTDANNING

**Universitetet har i ei árrekkje arbeidd målretta for ei styrking av dette feltet. Det er også slik at ei rekke studentar berre tek einskildfag og ikkje heile gradar. Blant desse er det mange som ville fátt eit betre tilbod om dei kunne følgje eit tilrettelagt opplegg for etter- og vidareutdanning. Ein ønskjer difor å omdisponere midlar frå lågare grads studieplassar til å styrke dette formålet, utan at utdanningskapasiteten for ordinære cand.mag.-studentar vert därlegare.**

studentane ved Universitetet for eit viktig bidrag til byens totale kulturliv.

## Fjernundervisning og etter- og vidareutdanning

Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU) er ein del av stiftinga Universitetsforskning Bergen (Unifob). Senteret er oppretta med ansvar for å utvikle, byggje opp og drive det utoverretta etter- og vidareutdanningstilboden ved Universitetet i Bergen. Universitetet sin breie kompetanse innan fleire fagområde skal gjerast betre tilgjengeleg gjennom etter- og vidareutdanning. Dei einskilde fagmiljøa, institutta og sentera ved Universitetet har det faglege ansvaret for utdanninga. SEVU har det administrative ansvaret, og fungerer som eit koordinerande serviceorgan både internt og eksternt.

Etter- og vidareutdanninga ved Universitetet blir finansiert på ulike måtar. Nokre tilbod blir finansierte frå departementa eller andre offentlege etatar (særleg fylkeskommunane), og nokre blir finansierte over Universitetet sitt eige budsjett. I tillegg baserer somme tilbod seg på eigenbetaling frå studentane. Studentar innan desse utdanningstilboda blir ikkje rekna med i det offisielle studenttalet for Universitetet.

Tyngda av arbeidet med etter- og vidareutdanninga skjer ved fakulteta.

- *Det samfunnsvitskaplege fakultet* driv utviklingsprosjekt innan vidareutdanning i tilknytting til fire fagområde: Sosiologi, administrasjon og organisasjonsvitenskap, sosialantropologi og samanliknande politikk. Fleire institutt har hatt samarbeid med Folkeuniversitetet og andre eksterne samarbeidspartnarar om fagstudium.
- *Det historisk-filosofiske fakultet* har hatt fem etterutdanningskurs med 69 deltakarar i alt, og ni vidareutdanningskurs på 5 - 10 vekttal med totalt 154 deltakarar. Det er avgjort eksamen i 32 árseiningar innan vidareutdanninga ved fakultetet. Ti av institutta ved fakultetet har hatt aktivitet innan etter- og vidareutdanning i 1996.
- *Det medisinske fakultet* driv ei omfattande vidare- og etterutdanning i samarbeid med Den norske Lægeforening. I 1996 vart det halde 63

kurs med til saman 1672 deltakarar.

- *Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet* hadde i 1996 to kurs innan vidareutdanning med til saman 23 deltakarar. 29 etterutdanningskurs samla totalt 650 deltakarar. Fakultetet arbeider med å tilby kurs i akvakultur som vidareutdanning, og håpar også å kunne tilby kompetansegevande kurs i naturfag for lærarar.

- *Det psykologiske fakultet* hadde tre vidareutdanningskurs med totalt 74 studentar, og ni etterutdanningskurs med totalt 210 studentar i 1996.

Totalt tok omlag 200 studentar i 1996 ulike vidareutdanningstilbod ved fakulteta, i samarbeid med SEVU. Desse studentane avla eksamen i til saman omlag 2500 vekttal. Tilboda om etter- og vidareutdanning femmer ei rekke fag, som strekkjer seg frå to-vekttalskurs til mastergrad og hovudfag.

SEVU var arrangør eller samarbeidspartnar ved seks konferansar, som hadde rundt 1000 deltakarar totalt. Det tradisjonelle etterutdanningstilboden Fagleg-pedagogisk dag vart også arrangert i 1996, med rundt 100 forelesingar og kulturelle tilbod. Målgruppa er lærarar i den vidaregående skulen, og det var i 1996 ca. 1500 deltakarar på arrangementet.

Det medisinske fakultet er også i ferd med å etablere eit 10-vekttals vidareutdanningskurs i kvalitetsleiing, kvalitetssikring og utvikling i samarbeid med Haukeland sjukehus. Tilboden vil bli klart for gjennomføring i 1997. Målgruppa er ulike kategoriar tilsette innanfor helsetenesta.

Fjernundervisning blir nytta i både etterutdanning og vidareutdanning. Gjennom eit samarbeid mellom Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU) og Univasjon, som er eit produksjonsselskap under Stiftinga universitetsforskning Bergen (Unifob) knytt til Universitetets mediesenter (UMS), vart det i 1996 produsert fleire etterutdanningsprogram. Programma vart formidla via satellitt, og vart laga i tilknyting til oppfølginga av Reform 94.

Fjernundervisningsprogrammet i miljølære, «Tilfellet Tellus», støtta av Utanriksdepartementet, vart i mars sett til Estland, Latvia og Litauen.

# FORSKING


Forskningsaktiviteten ved Universitetet i Bergen er svært omfattande og mangfaldig, både når det gjeld tema, prosjektstørleikar, finansiering og organisering. Som heile er verksemda prega av disiplinbasert grunnforskning, med eit sterkt innslag av forskarrekrytering.

Det er likevel mange teikn som tyder på at forskinga er kome under press i dei seinare åra, så også i 1996. Slike meldingar kjem frå mange hald og er av ulik art. Når omfanget av forskningsaktiviteten samla sett er nokonlunde stabil for tida, er dette klart ei anna utvikling enn auken i studentar og ressursar skulle tilseie. Mykje tyder på at det budsjettmessige grunnlaget for grunnforskingsverksemda ved Universitetet er kome godt under det minimum som må kunne seiast å vere forsvarleg.

Kollegiet har gripe fatt i arbeidet med forskningspolitikken gjennom opprettinga av eit eige forskingsutval. Både i forskingsutvalet og på fakultetsnivå blir det no arbeidd meir systematisk med forskningspolitikk, mellom anna knytt opp mot Norges forskningsråd sin politikk.

Ein del undersøkingar, mellom anna innan klinisk medisinsk forsking, viser at vilkåra for forskinga er sterkt forringa. Når forskinga blir skadelidande, vil det på sikt også ha

**Fig. 4: Kreerte doktorar i perioden 1990-96.**



negative konsekvensar for dei andre sidene av drifta ved Universitetet, mellom anna undervisninga.


## Forskarutdanning og doktorgradar

Hausten 1996 var det registrert 857 doktorgradskandidatar ved Universitetet i Bergen, 353 av desse var kvinner. I løpet av året tok 112 kandidatar doktorgraden, mot 135 i 1995 og 120 i 1994. Kvinnene utgjer 29,5 prosent av kandidatane, men heile 41 prosent av studentane. Dette stadfestar den positive utviklinga av kvinneprosenten ein kan lese ut av statistikken for kreerte doktorar på nitti-talet.

- Fig. 4 syner doktorgradar i 1996 fordelt på kjønn.
- Fig. 5 syner den relative kvinneandelen blant høgaregradskandidatar og doktorar i perioden 1990-1996.

Talet på kreerte doktorar ligg noko lågare enn resultatmålet for 1996. Resultatet må likevel sjåast som tilfredsstillande, i høve til kor mange stipendiatar Universitetet totalt har. Nedgangen frå tidlegare år kjem av at ein no har fått uteksaminert dei fleste som starta doktorstudiane før utdanninga vart organisert i program på kvart einskild fakultet. Talet på

**Fig. 5: Relativ kvinneandel blant høgare kandidatar og kreerte doktorar i perioden 1990-96.**



## NYTT FORSKINGSUTVAL

For å få eit betre grep om sentrale forskingspolitiske problem og prioriteringar, er det etablert eit eige forskingsutval ved Universitetet. Forskingsutvalet gjev råd til Kollegiet i forskingspolitiske saker på institusjonsnivå, og i prinsippsaker som er knytte til Universitetet si internasjonale verksemd og forskarutdanning. Prorektor Kirsti Koch Christensen er leiar for utvalet.

## UTBYGGING AV STIPEND-PROGRAMMA

Eit viktig ledd i styrkinga av forskingsverksemda er ei satsing på å få oppretta eit større antal nye doktorgradsstipend. Dette er naudsynt for at Universitetet skal kunne dekkje etterspørselet etter personar med denne kompetansen i åra som kjem. Det kan visast til ein klar samanheng mellom talet på stipend og talet på avgjorte doktorgradar.

## PRIORITERTE FORSKINGSFELT

Universitetet har basisen sin i det fleirfaglege og breie forskingsmiljøet. På særskilte område ønskjer ein likevel ekstra nysatsing og/eller utvikling. Mellom dei forskingsfeltene ein ønskjer å prioritere, er marin forsking, utviklingsforskning, tungrekning, humanistisk informatikk, kulturforskning samt Senter for internasjonal helse, Wittgensteinarkivet og Norsk senter for forsking i leding, organisasjon og styring (LOS-senteret).

**AUTORISERTE FORSKINGS-  
GRUPPER**

**Ved Det medisinske  
fakultet blir det arbeidd  
med etablering av eit  
konsept for samling av  
forskningsverksemnd i  
grupper, formelt oppretta  
av fakultetsstyret.**

**Gruppene skal kunne  
fungere stabilt i minst ti  
år, og vel sjølv dagleg  
leiar. Gruppedanninga  
skal gje ein meir målretta  
innsats, gjere  
forskningsområda meir  
robuste, og styrke  
familjøa sine sjansar for  
tildelingar over særskilte  
forskningsbudsjet og  
pakketildelingar frå  
eksterne kjelder.**

**NY SUPERDATAMASKIN**  
**Universitetet har dei siste  
åra satsa sterkt på  
tungrekning, særleg  
innan såkalla parallel  
prosessering. I 1996 vart  
det klart at Parallab ved  
Høgtekhnologisenteret i  
Bergen skal huse ei ny  
superdatamaskin, som  
skal vere ein nasjonal  
ressurs for tunge  
rekneoppgåver.**


**Tabell 4: Vitskaplege publikasjonar i 1996.**

	Artikl. i vit. tids- skrift		Vit. avhandl.		Fag- og lære- bøker		Kap. i fag- og lærebøker		Sum	
	1995	1996	1995	1996	1995	1996	1995	1996	1995	1996
Hist.-fil.	153	132	3	2	69	60	113	135	338	329
Mat.-nat.	354	425	1	129	10	26	34	62	399	642
Med.	764	656	2	75	23	17	64	48	853	796
Odont.	67	70	2	5	1	1	7	2	77	78
Samf. vit.	69	71	3	11	30	21	94	80	196	183
Juridisk	14	24	0		15	9	22	63	51	96
Psykol.	147	130	2	11	16	17	35	28	200	186
Sum		1.568		13		164		369		2.114

doktorgradskandidatar vil dessutan vere påverka av endringar i eksterne finansieringskjelder, som Norges forskningsråd og næringslivet. Omlag 75 prosent av doktorgradskandidatane dei siste åra har vore innom eit doktorgradsprogram. Ein reknar med at normaltalet på uteksaminerte doktorar i åra som kjem vil vere omlag 110.

Alle fakulteta har organisert forskarutdanning i doktorgradsprogram. Senter for vitskapsteori har ansvaret for den vitskapsteoretiske delen av doktorgradsprogramma ved fleire

**Fig. 6: Antal publikasjonar i perioden 1990-96.**




fakultet. Senter for internasjonal helse har ansvaret for eit engelskspråkleg forskarutdanningskurs for utanlandske mastergradsstudenter ved Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet. NORAD er inne med finansiering av mastertilbod innan marinbiologi og fiskeoppdrett ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet.

Tal frå Det nasjonale forskarutdanningsutvalet i realfag viser at Dr. scient.-stipendiatar frå Universitetet i Bergen brukar mindre tid på gjennomføringa av doktorgraden enn landsgjennomsnittet. Det var i 1996 også ein merkbar auke i uteksaminerte kandidatar ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, samanlikna med tidlegare år.

Våren 1996 vart Universitetet sin eigen doktorgradsbase på Verdsveven teken i bruk. Denne basen inneholder omtalar av alle doktoravhandlinger som blir leverte ved Universitetet, og ein presentasjon av kvar einskild doktorand. Basen gjer det óg mulig å søke på tema.

**Vitskapleg publisering og vilkår  
for forsking**

**Fig. 7: Publikasjonar per internt lønna vitskapleg tilsett (ekslkl.  
stipendiatar) fordelt på fakultet i perioden 1990-96.**



Talet på publikasjonar er berre eitt mål på forskingsaktiviteten, og må sjåast i samanheng med andre element. Totalt vart det publisert 2310 vitskaplege arbeid av internt og eksternt løna personale ved Universitetet i Bergen i 1996, mot 2114 i 1995 og 2322 i 1994. Rapporteringa om publisering er framleis noko därleg frå enkelte miljø.

- *Fig. 6 syner talet på publikasjonar i perioden 1990-1996.*
- *Fig. 7 syner publikasjonar per tilsett, fakultetsvis og totalt.*
- *Tab. 4 syner vitskaplege publikasjonar etter fakultet og kategori i perioden 1995-1996.*

Forskinga ved Universitetet foregår både ved institutta og ved frittståande og/eller tverrfaglege og tverrfakultære senter. I tillegg har Universitetet avtalar med forskingsstiftinga Unifob om marknads- og næringsretta forsking.

Universitetet har eit stort behov for midlar til fornying av utstyrsparken. For å kunne take del i det internasjonale forskingssamarbeidet på like fot med forskarar i utlandet, må også fagmiljøa ved Universitetet i Bergen kunne disponere førsteklasses utstyr. Situasjonen i dag er at ein stor del av utstyrsparken ved Universitetet ikkje oppfyller moderne standardkrav.

#### **TRENG NYTT VITSKAPLEG UTSTYR**

**Dei siste åra har løyvingane til vitskapleg utstyr kome ned på eit urovekkande lågt nivå, og utsiktene til høgare løyvingar er ikkje gode. Det er større trøng enn nokon gong til ei styrking av slike løyvingar. Styrkinga må finne stad både over universitets- og forskingsrådsbudsjetta, og det bør leggjast til rette for samfinansiering av tyngre utstyrseininger. Arbeidet med å sikre midlar til slikt utstyr, anten gjennom offentlege tilskot eller gjennom privat finansiering, må difor verte høgt prioritert i tida framover.**

# UNDERVISNINGS- OG FORSKINGS-SAMARBEID

## UTVIKLING AV FJERN-UNDERVISNINGA

**Universitetet er langt framme i utviklinga av nye metodar for fjernundervisning. Eitt døme er «Humanities»-prosjektet, som vert drive av Institutt for praktisk pedagogikk. Seksten arbeidsgrupper, med studentar frå like mange universitet i Europa, tok hausten 1996 del i undervisning som vart koordinert frå Universitetet sitt fjernsynsstudio på Nøstet i Bergen. Seminar-deltakarane kom-muniserte med kvarandre gjennom satelittoverførte TV-bilete, Internett, elektronisk post og telefon.**

## SAMARBEID MED HØGSKULAR

**Universitetet har fleire prosjekt i gang om undervisningssamarbeid med høgskular på Vestlandet og Sørlandet. Dette gjeld undervisning på alle nivå, og kan sjåast som ei verkeleggjering av idear frå Noregsnett-tankegangen.**

**Universitetet arbeider med å fremme tanken om ei klår og konstruktiv arbeidsdeling mellom dei ulike institusjonane.**

## Noregsnettet

Universitetet i Bergen har etablert samarbeidstiltak med fleire institusjonar i Vestlandsområdet. Spesialisering innan fagområde er ein viktig del av Noregsnettet, og det finst fleire døme på at Universitetet si faglege tyngd hjelper høgskular i regionen til å halde statusen sin som såkalla «knutepunkt» i nettet.

Mellom anna har Universitetet fått eit velutvikla samarbeid med Høgskulen i Stavanger for utdanning av doktorgrads- og hovudfagskandidatar. Med Høgskulen i Bergen har det i lang tid vore samarbeid om hovudfag i historie og samfunnsfag. Høgskulen i Agder har eit samarbeid med Universitetet i kjemi og engelsk, mens Høgskulen Stord/Haugesund samarbeider med Universitetet om utdanning innan pedagogisk informatikk. Eit anna døme er samarbeidet mellom Høg-skulen i Molde og Universitetet, der det i 1996 vart formalisert eit fellesopplegg for hovudfag i informatikk og logistikk.

Samarbeidet med høgskulane er også merkbart på undervisningssida, ved at Universitetet i stadig større grad legg undervisningsoppgåver til deltids-lærarar som i særleg grad kjem frå høgskulane.

«Helseregion Vest» er eit tett samarbeid innan sjukhus og helsevesen, der fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har gått saman med Universitetet i utføring av klinikkkdelen av medisinar-studiet. Dette skal skje i samband med utvidinga av medisinarstudiet til 150 studentar.

Regionsenter for barne- og ungdomspsykiatri i Vest vart opna som ei sjølvstendig eining under Unifob. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane i regionen og Universitetet i Bergen. Regionsenteret er oppretta for å heve kompetansen og styrke rekrutteringa til barne- og ungdomspsykiatrien i Helse-region Vest. Regionsenteret skal fremje rekrutteringa til barne- og ungdomspsykiatrien, ved å kvalifisere

ulike faggrupper innan klinisk verk-semد. Vidare skal senteret utvikle og styrke psykisk helsevern for barn og unge gjennom forsking og utviklings-arbeid. Regionsenteret er finansiert frå Sosial- og Helsedepartementet, dei tre fylkeskommunane i regionen og UiB.

Universitetet i Bergen/Unifob og Hordaland fylkeskommune har i løpet av året arbeidd for å etablere Innovest, som vart ei eiga eining under Unifob 8. januar 1997. Føremålet med Innovest er mellom anna å leggje til rette for og marknadsføre Universitets-klinikken sin kompetanse for utprøving av medisinar og medisinsk utstyr, auke dei materielle og personalmes-sige ressursane for forsking innanfor helsesektoren, og å etablere ei god økonomisk forvaltning av dei ressur-sane som partane har til rådvelde. Innovest skal også gjere det mogleg å utvikle idear i grenselandet mellom medisin og teknologi til klinisk og industrielt interessante resultat.

Programmet for forsking i leiing, organisasjon og styring (LOS-programmet) vart for omlag ti år sidan peikt ut som eit hovudsatsingsområde for Norges Forskningsråd i perioden 1987-96. Tyngdepunktet for LOS-forskinga, LOS-senteret, vart lagt til Bergen. Uni-versitetet vedtok i 1996 i samarbeid med Norges Handelshøyskole og Norges Forskningsråd å leggje tilhøva til rette for ei vidareføring av LOS-senteret som ei eiga eining under Det samfunnsvitskaplege fakultet.

## Internasjonalt samarbeid

Universitetet i Bergen har som mål å vere eit internasjonalt universitet i europeisk målestokk, og legg særleg vekt på samarbeid med Den tredje verda og Europa. Det var ein auke i den internasjonale verksemda i 1996, både med omsyn til prosjekt med utviklingsland og i EU sitt fjerde rammeprogram.

Mykje av det internasjonale samar-beidet innan forsking skjer på eit ikkje-formalisert plan. I tillegg til den organiserte internasjonale verksemda, legg Universitetet vekt på å leggje forholda til rette slik at forskarane skal kunne pleie internasjonale kontaktar.

Dette skjer mellom anna ved å stille midlar til råvælde for reiseverksemd, til dømes til konferansar og kongressar i utlandet. Fleire forskarar ved Universitetet i Bergen har toppverv i internasjonale organisasjonar, er redaktørar av internasjonale tidsskrift eller har ansvar for internasjonale nettverk. Den internasjonale sida av Universitetet i Bergen kjem også fram gjennom dei mange utanlandske studentane, og den relativt omfattande rekryttinga av utanlandske forskarar til stillingar ved Universitetet.

- Tab. 5 syner nasjonalt og internasjonalt samarbeid per personar og veker.

### Nordisk samarbeid

På nordisk nivå tek Universitetet del i utvekslingsprogrammet Nordplus. Universitetet i Bergen var med i 33 Nordplus-nettverk i 1996. Av dei 33 prosjekta koordinerer UiB 14 nettverk, deriblant dei store nettverka innan psykologi, jus, fysikk, teatervitskap, kulturstudiær og kunsthistorie. Nordplus-engasjementet for dei nettverka UiB koordinerte hadde ein samla kostnad på 1 805 000 danske kroner i 1996. Det vart etablert fleire nye nettverk i Nordplus i 1996, og engasjementet både når det gjeld student- og lærerutveksling er sterkt au-kande. Fleire av dei store nettverka har arrangert intensivkurs, og Nordplus-nettverket i psykologi fekk 80 000 danske kroner i tilskot i 1996 til å arrangere eit intensivkurs om etevanskar.

### Europeisk samarbeid

- EU-relaterte forskingsprogram

Dimensjonane og organiseringa i EU-forskinga er anleis enn i dei nasjonale programma. Ved utgangen av året var Universitetet i Bergen med på 42 kontraktar innanfor EU sitt fjerde rammeprogram. Bergensdelene av desse prosjekta var verd om lag 50 millionar kroner. Ellevje av desse vart koordinerte frå Universitetet i Bergen, fordele slik på dei enkelte programma: Eitt i ENVIRONMENT, to i MAST, to i TMR, to i INCO, eitt i ESPRIT og tre i BIOMED. Dette er eit høgt tal sett i nasjonal samanheng, til saman 76 prosjekt vert no koordinerte frå Noreg. Den samla finansieringsramma i dei prosjekta som er koordinerte frå Bergen er 170 millionar kroner, av dette støttar EU halvparten, derav 23 millionar kroner til UiB. Det at UiB-forskarar styrer internasjonale prosjekt med så

**Tabell 5A: Nasjonalt samarbeid i 1996.**

	Personar	Veker
A: Ved universitetet frå andre institusj.		
Gjesteforskarar	86	87
Gjesteforelesarar	280	888
Stipendiatar	63	762
B: Frå universitetet ved andre institusj.		
Gjesteforskarar	44	1097
Gjesteforelesarar	236	109
Stipendiatar	21	818
C: Deltaking på nasjonale konferansar		
Med bidrag (foredrag/posters/inviterete innlegg)	851	
Uten bidrag	668	
D: Deltakelse i nasjonale faglige utvalg, komitéar, redaksj. utval og org.arb.	657	
E: Deltaking frå universitetet i nasjonale forskingsprosjekt (og individuelle)	448	

**Tabell 5B: Internasjonalt samarbeid i 1996.**

	Personar	Veker
A: Ved universitetet frå utlandet		
Utanlandske gjesteforskarar	205	658
Utanlandske gjesteforeles.	456	930
Utanlandske stipendiatar	92	1233
B: I utlandet frå universitetet		
Gjesteforskarar	181	1720
Gjesteforelesarar	240	142
Stipendiatar	116	1090
C: Deltaking på internasj. konferansar		
Med bidrag (foredrag/posters/inviterete innlegg)	1181	
Uten bidrag	508	
D: Deltakelse i internasj. faglege utval, komitéar, redaksj. utval og org.arb.	544	
E: Deltaking frå universitetet i internasj. forskingsprosjekt (og individuelle)	499	
F: Studentutveksling		
Ved universitetet frå utlandet	364	
I utlandet frå universitetet	477	
G: Tal på publikasjonar med utanlandske medforsfattarar	592	

stort omfang og kompleksitet gjev nye høve for strategier i forskinga. I tillegg vart tredve prosjekt innanfor det tredje rammeprogrammet og andre EU-program avslutta i løpet av året.

Eit av dei store nye prosjekta som det vart innleidd kontraktsforhandlingar om er eit BIOMED-prosjekt på omlag åtte millionar kroner totalt, som omhandlar metabolisme av fosfolipid ved signaloverføring i hjernen. Eit av dei største pågående prosjekta er MAST-prosjektet, som undersøkjer Grønlands-straumane og klimavarmer fra CO2. Dette prosjektet (European sub-polar ocean programme phase 2) er eit klimaforskningsprosjekt koordinert frå Bergen for perioden 1996 - 98. Prosjektet involverer både norske og europeiske partnarar, og er eit dristig oseanografisk eksperiment der resultata er venta å få stor innverknad på forståinga av kva rolle dei nordlege havområda spelar for klimautviklinga på kloden.

Universitetet i Bergen er også «Centre of excellence» i Europa på parallel prosessering (High Performance

**EIT KRAFTSENTER FOR  
UTVIKLINGSFORSKING I NOREG**

**Utanriksdepartementet  
utarbeidde i 1996, i  
samarbeid med Noregs  
forskningsråd, rapporten  
«Strategiutforming for å  
styrke forskning og  
kompetanse i tilknytning  
til Norges forhold til  
utviklingslandene».**

**Rapporten har kartlagt  
ressursdisponeringar til  
u-landsforskning i Noreg,  
og gjeve ei rad tilrådingar  
om styrking av  
forskingssamarbeid med  
utviklingsland og  
forskningsbistand.**

**Rapporten held fram  
Universitetet i Bergen som  
eit kraftsenter for  
utviklingsforskning i  
Noreg, spesielt med  
omsyn til helsefaga og  
med omsyn til den  
omfattande verksemda i  
Kvoteprogrammet.**

**Rapporten understrekar  
kor viktig det er å arbeide  
på lang sikt i det faglege  
samarbeidet med  
utviklingsland, og at det  
har skjedd endringar:**

*«Man kan registrere at aktiviteten og interessen for u-landsorienterte utviklingsstudier innen enkelte fag, som i denne sammenheng må regnes som pionerfag (f. eks. sosialantropologi og sosiologi) har avtatt sterkt i de senere år. Innen andre fag, som tradisjonelt først og fremst har vært oppatt av norske forhold, har interessen for utviklingslandenes situasjon tatt seg sterkt opp (f. eks. en rekke landbruksfag, miljøfag, økonomi og flere helsefag.» (NFR: «Etter Rio...», Rapport nr. 6, Oslo, 1997, side xiv)*

**I 1996 var det døftingar mellom NORAD, Utanriksdepartementet og Det norske universitetsrådet om åtgjerder for å få til større medvirkning fra**

Parallel Computing). Dette senteret er involvert i fire prosjekt innanfor ESPRIT, og er ein svært attraktiv partner i internasjonal samanheng.

Marine fag har ein sentral plass ved Universitetet i Bergen. Institutt for fiskeri- og marinbiologi har saman med Havforskningsinstituttet fått status som «Large Scale Facility» i Europa innan forsking på marine næringskjeder. Det er berre 22 universitet i EØS-land som er koordinatorar for LSF-prosjekt, og UiB er det einaste innan dette fagfeltet. Bergen har dermed fått status som europeisk forskingsenter i marinbiologi. Ideen bak senteret er å gi utanlandske forskrar høve til å nytte seg av dei heilt spesielle forskningstilhøva som finst innanfor marine fag i Bergen. Prosjektet har vore ein suksess med stor tilstrøyming av forskrarar frå Spania, Portugal og nordeuropeiske land. Det vert no søkt EU om å utvide kvoten av post.doc.-stipendiatar, fordi etterspurnaden er mykje større enn forventa.

I 1996 vart Sars-senteret oppretta. Sars-senteret er ei eiga eining under forskningsstiftelsen Unifob og skal styrke grunnforskinga innan marin molekylærbiologi. Det skal drivast i samarbeid med dei andre norske fagmiljøa innan forskingsfeltet.

Den svenske Hasselbladstiftinga gav i 1996 fem millionar kroner til Universitetet. Pengane skal brukast til å lage ein miniubåt som kan fotografera livet i havet ned til 2 000 meters djup.

• *Utdanningsprogram*

Universitetet i Bergen tek del i ei rekke større internasjonale nettverk. Eitt døme er den prestisjetunge Coimbra-gruppa, som er ei samanslutning av 34 av dei eldste og mest tradisjonsrike universiteta i Europa. Gruppa samarbeider blant anna om deltaking i EU sine utdanningsprogram, og har særstake band til institusjonar i Latin-Amerika. Fleire av grunnmiljøa ved Universitetet i Bergen er no i gang med prosjekt innan informasjonsteknologi og bruk av multimedia, med støtte frå Sokrates- og Leonardo-programma.

Saman med University of Maryland, USA, og Göteborgs Universitet, vart det utarbeidd ein prosjektsøknad til den svenske Wallenberg-stiftelsen på 40 millionar SEK over tre år om bruk av fjernundervisning i marine fag. Pro-

sjektet er godkjent våren 1997. Omlegginga av EU sine samarbeidsprogram frå Erasmus til Sokrates kravde mykje arbeid i 1996. Dei mange nettverka UiB tok del i (ICP - Interuniversity Consortium Programs) måtte omformast til bilaterale avtaler med alle dei universiteta ein planla å samarbeide med, i den såkalla institusjonskontrakten i Sokrates. UiB teikna slik bilateral avtale om samarbeid med 210 institusjonar i EØS-landa. Det vart søkt om å sende ut 425 studentar, og take mot 418 studentar i Bergen. Stor vekt var også lagt på å utvikle fleire kurs på engelsk, og å utveksle faglærarar i Sokrates.

257 UiB-studentar var på Erasmus-studieopphald ved ein europeisk lærestad i totalt 1 674 stipendmånader i 1996. Fakulteta har satsa på å utvikle kurs på engelsk, for at utanlandske studentar lettare skal kunne studere i Bergen. I 1996 var det ei rekordhøg tilstrøyming av utanlandske studentar til Universitetet i Bergen, med til saman 1 311 studentar.

Medan Erasmus stort sett gjeld utveksling av studentar, legg Sokrates også sterkt vekt på samarbeid om læreplanutvikling, kursmodular, felles vekting av kurs (ECTS) og tematiske faglege nettverk.

UiB kom med i 8 tematiske nettverk i Sokrates-programmet i meldingsåret. Det historisk-filosofiske fakultet la ned eit stort arbeid i nettverket: «Advanced Computing in the Humanities», som var det einaste tematiske nettverket med norsk koordinator. Prosjektet tek sikte på å utnytte IT-teknologien i dei humanistiske faga, i eit dynamisk samarbeid med meir enn hundre universitet og faglege assosiasjonar i alle EØS-landa. Ein brosjyre på engelsk med same titel vart også produsert i meldingsåret, og distribuert i 1800 eksemplar i samband med ein stor internasjonal konferanse i Bergen i juni. Det historisk-filosofiske fakultet arbeider no med å etablere eit felles senter for fagmiljø som arbeider med informasjonsteknologi innan humaniora. Senteret kan bli eit internasjonalt «center-of-excellence», og opnar for mange interessante samarbeidsprosjekt mellom universitet og næringsliv.

Universitetet i Bergen tok dessutan del i eit stort utdanningsprosjekt med 13 partnarar innanfor Leonardo-programmet, samt tre studentutveksling.

prosjekt med utsending av i alt elleve studentar i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og universitetnettverket Santander-gruppa.

- *Samarbeid med Øst-Europa*

Samarbeidet med Aust-Europa held fram, med prosjekt i Vilnius i botanikk og arkeologi, og med Vytautas Magnus-universitetet i samfunnsfag og engelsk. UiB tek òg del i TEMPUS-prosjektet: «Management and development of EuroFaculty for recruiting teaching and learning of Economics, Law, Business and Public Administration in Riga, Tartu and Vilnius», det såkalla Eurofaculty, med utsending av faglærarar.

«Tilfellet Tellus», eit fjernundervisningsprogram i miljølære, vart sold til dei baltiske landa i 1996. Utanriksdepartementet har løyvd ein halv million kroner til prosjektet, som Senter for etter- og vidareutdanning står bak.

Nordvest-Russland er eit prioritert område for Universitetet i Bergen. Det tverrfaglege prosjektet PECHORA (Paleo Environment and Climate History of the Russian Arctic) held fram, og ein større ekskursjon til Nord-Russland vart arrangert om sommaren. Den geologiske komponenten i PECHORA er knytt opp til eit stort European Science Project: «Quartery Environment of the Eurasian North (QUEEN)».

Saman med Nansen Environmental and Remote Sensing Center (NERSC) underteikna UiB ein samarbeidsavtale med Universitetet i St. Petersburg, der målet er prosjektsamarbeid i arktisk forsking, regional økologi og jordsatellitmålinger. Fra før har UiB ein samarbeidsavtale med det russiske vitskapsakademiet for forskarutveksling.

Eit TEMPUS-prosjekt med to universitet i Romania om administrasjon av internasjonal samarbeid vart òg godt kjend. UiB tek dessutan del i fleire store ODL (open-distance learning)-prosjekt i Sokrates og Leonardo, og i tre Lingua-prosjekt.

### Ikkje-europeisk samarbeid

- *Samarbeidet med Fudan-universitetet*

Universitetet i Bergen har gjennom medlemsskapet sitt i Nordic Study Centre eit samarbeid med Fudan University, Shanghai. Studiesenteret vart etablert i 1995, etter initiativ frå

mellom andre Universitetet i Bergen, og er eit konsortium av 14 nordiske institusjonar for høgare utdanning. Institutt for samanliknande politikk har så langt stått for UiB sine bidrag til studiesenteret, og har ved 2 høve arrangert forelesningsrekker for kinesiske studentar ved Fudan University. ISP planlegg å halde forelesninger kvar haust ved studiesenteret. Studiesenteret er også delaktig i planlegginga av ein større miljøvernkonferanse i regi av Fudan University og Shanghai by. Konferansen skal arrangerast i mars 1998.

- *Tibet-Norge*

UiB tok del i nettverkssamarbeid Tibet-Norge, der det både vert lagt til rette for samarbeid med Tibet-området i Kina og det eksiltibetanske miljøet i Dharamsala i India. UiB har òg eit aktivt forskingsengasjement i Nepal, i fagområda medisin, human økologi, botanikk, økonomi og geografi. Ein vitskapleg ekspedisjon vart sommaren 1996 arrangert i Lhasa-området, der målingar påviste eit CO<sub>2</sub>-hol i ozonlaget.

- *Senter for utviklingsstudiar*

Senter for utviklingsstudiar (SFU) har i fleire år arbeidd med komparative og regionale studiar av ressurssystem, arbeid som spenner frå studiar av tørre område, vatnforskning, migrasjon og handel (Aust-Afrika, Indian Ocean Area). Ein serie på 4 fjernsynsprogram om vatn i økonomisk, samfunnsmessig, kulturell og religiøs samanheng er under innspeling i samarbeid mellom NRK og SFU. SFU arbeider også med studiar av korleis frivillige organisasjoner (Non-Governmental Organisations, NGOs) fungerer, nasjonalt og i ulandskontekst, og har starta opp eit nordisk samarbeid om bistandshistorie.

- *Anna internasjonalt samarbeid*

Spørsmål om korleis vi (Noreg, Europa) oppfattar folk og kulturar i andre verdsdelar - og dei oss - var blant emna for ein internasjonal konferanse i Bergen i 1996, eit samarbeid mellom tre universitetssenter og CMI.

Fleire fagfelt er engasjerte i samarbeid med Mellom-Amerika, og nye kontaktar vart oppretta i 1996, også til andre delar av Latin-Amerika, m.a. Ecuador og Chile.

I august vart UiB sitt 50-årsjubileum arrangert i Bergen, med ei rekke spe-

**universiteta i forsking og utdanning i tilknytting til norsk bistandsarbeid. Ein har planar om å få til eit større finansieringsprogram for dette. Det akademiske kollegium vedtok å løyve ein million kronar ekstraordinært for å møte denne utfordringa. Midla skal nyttas av fagmiljøa, spesielt i Program for bærekraftig utvikling, til å utvikle nye studieprogram på engelsk på høgt nivå. Fakulteta har no igang ei lang rekke med planar om nye Mastergrader, på fagområder som er viktige i bistan den. Eksempel er «Humanitarian Aid», «Kvinner og utvikling», «Bærekraftig utvikling» m.fl. Det er ei høgt prioritert oppgåve ved Universitetet i Bergen å finne fram til ei organisering som tek vare på den slagkrafta Universitetet no har på ulandsforskning og -utdanning.**

sielt inviterte internasjonale gjestar frå ulike samarbeidsuniversitet. Markeringsa vart nytta til å styrke dei avtalaane UiB har med institusjonar i utlandet.

- *U-landsrelatert helseamarbeid*  
U-landsorientert utviklingsforskning og tilhøvet til forskings- og utdanningsinstitusjonar i den tredje verda er ei viktig side av Universitetet i Bergen sitt internasjonaliseringssprogram. Universitetet har satsa sterkt på internasjonalisering retta mot den tredje verda, blant anna gjennom utbygginga av dei mastergradsretta studietilboda. Til saman 26 samarbeidsprosjekt med utviklingsland er delfinansiert av Nasjonalt utvalg for utviklingsrelatert forsking og utdanning (NUFU), med ei finansieringsramme på 69,4 millionar kroner for perioden 1996-1999. Elleve nye prosjekt var godkjente i 1996, med 33 millionar kroner totalt i finansiering fra NUFU.

Etter etableringa av Senter for internasjonal helse (SIH), har det internasjonale samarbeidet med land i den tredje verda auka sterkt. Det er opprettet samarbeid med forskingsinstitusjonar i Etiopia (tuberkulose, lepra, samspel mellom ernæring og infeksjonssjukdomar blant barn, psykososial intervension hos barn); Tanzania (mikrobiologi, immunologi, patologi, virologi, førebyggjande helsearbeid, reproduktiv helse, helseantropologi); Ghana (ernæring); India (diarésjukdomar hos barn); Bangladesh (ernæringsblindheit) og Nepal (reproduktiv helse). SIH har også samarbeidsprosjekt med Romania innan HIV- og diaréforskning og lærarutdanning i odontologi.

Sidan 1986 har diaréforskningsgruppa ved SIH samarbeidd med universitet og folkehelseinstitusjonar i India, Nepal, Guinea Bissau, Sverige, Danmark og Nederland om å utvikle strategiar for effektiv behandling og førebygging av diaré og underernæring hos barn. Strategiane vil late seg integrere i dei nasjonale helseprogramma i kvart einskild utviklingsland. Dette viktige forskningsprogrammet blir finansiert av EU, NUFU, NORAD, Norges Forskningsråd, Meltzerfondet og Universitetet i Bergen. Meir enn 60 studentar frå u-land har gjennomført grunnutdanning i medisin ved Universitetet i Bergen. Dei fleste av desse arbeider no i heimlanda sine. I tillegg er 21 masterstudentar under utdanning. Dei første

kandidatane vart uteksaminerte i 1989. Det engelskspråklege forskarutdanningsprogrammet på master- og doktorgradsnivå innan helse er felles for Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet. I 1996 var det til saman 36 slike studieplassar ved Universitetet.

Dei medisinske fakulteta ved Universitetet i Tromsø og Universitetet i Bergen har inngått ein avtale med Ministry of Health og Ministry of Education i Botswana om utdanning av botswanske legar. Initiativet til avtalen er teken av NORAD. Inntil fem studieplassar i medisin stillast til råde kvart år frå 1996 fram til år 2011 for studentar frå Botswana. Tilsvarande antal norske medisinarstudentar kan få eit kortare utvekslingsopphold i Botswana.

#### Kvoteprogrammet

Kulturkontakt, bistand og internasjonalisering er målsetjingar for stipendordninga for utanlandske studentar i Statens lånekasse for utdanning. Støtteordninga vart innført hausten 1994, og gjeld for studentar frå Samveldet av uavhengige statar, land i Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland. Støtteordninga blir vanlegvis omtala som «kvoteordninga». Universitetet har satt på å få mange studentar over denne ordninga, og det er hovudgrunnen til at det var ei rekordhøg tilstrøyming av utanlandske studentar til UiB i 1996.

Stipenda innanfor kvoteordninga er bundne opp til bestemte utdanningsprogram som blir godkjente av departementet. I universitetssektoren gjeld dette program på hovudfags- og doktorgradsnivå. Når kandidaten har fullført programmet sitt og reist attende til heimlandet, blir det tildelte lånet gjort om til stipend.

Den markerte auken i mastergradskandidatar, frå 11 i 1995 til 44 i 1996, reflekterer Universitetet si satsing på å bygge opp eit internasjonalt fagtilbod. Norske mastergradsstudium har vist seg spesielt attraktive for studentar frå Aust-Europa, og hovudtyngda av studentane på kvoteordning kjem frå Aust-Europa og land i den tredje verda. Universitetet i Bergen hadde i 1996 totalt 104 kvotestudentar, fordelt på alle fakultet utanom Det juridiske fakultet. Generelt er det dei tre cand.mag-fakulteta og Senter for internasjonal helse som har dei fleste utanlandsstudentane.

# FORMIDLING OG SAMFUNNSKONTAKT

## Jubileumsåret 1996

I 1996 feira Universitetet i Bergen 50-årsjubileum. Jubileet vart markert med arrangement gjennom heile året, og spesielt i jubileumsveka ved semesterstart i august. I løpet av jubileumsåret vart det gjennomført rundt 120 arrangement.

Jubileet vart ei massemobilisering av tilsette ved Universitetet. Hovedtyngda av jubileet var lagt på fakultetsvisse arrangement. Mellom anna hadde kvart fakultet Open dag-arrangement spreidd utover hausten, der bergensarar kunne velge frå eit mangfaldig tilbod av utstillingar, omsyningar og populærvitenskaplege forelesningar frå dei fleste fagfelt.

Bergen Museum var forløparen til Universitetet i Bergen. Markeringa av stiftingsdagen for muséet 25. april 1825 markerte også starten på universitetsjubileet.

HM Dronning Sonja var gjest ved den offisielle opninga av jubileet i Grieghallen 20. august, og kasta glans over den høgtidelege doktorpromosjonen av 22 nye æresdoktorar.

Statsminister Gro Harlem Brundtland deltok i det internasjonale seminaret «Knowledge, Peace and Development» i Jusbygget på Dragefjellet. Ho opna også det utvida medisinstudiet på Dei prekliniske institutt. Regeringa var dessutan representert i jubileumsveka av kyrkje-, utdannings- og forskingsminister Reidar Sandal og helseminister Gudmund Hernes.

På Universitetet si Open dag-tilstelling 24. august møtte mange store og små bergensar opp for å få vite litt om aktiviteten ved Universitetet. Tusenvin av ballongar vart sende til vers, og leiaren av Stortinget sin Kyrkje-, utdannings-, og forskingskomité, Jon Lilletun, opna jubileumsutstillinga ved Bergen Museum. I løpet av dagen vart også den nye botaniske hagen ved muséet opna.

Konserten med Jan Eggum og Bergen Filharmoniske orkester på Festplassen 22. august samla fleire tusen

bergensarar. Kvar kveld gjennom heile jubileumsveka var det framsyning av jubileumsrevyen «En ugle til begjær». I oktober heldt kunstnaren Kjartan Slettemark ein performance på Muséplass.

Studentane markerte jubileet ved ein humanitæraksjon til støtte for studentane ved Universitetet i Sarajevo. Det vart samla inn klede, studiemateriell, bøker og tilsaman 125 000 kroner til opprusting av universitetsbiblioteka i Sarajevo. Det vart også arrangert ein eigen jubileumskveld for studentar og tilsette på Det akademiske kvarter, studenthuset i Bergen.

Studentersamfunnet arrangerte i samband med jubileet spesielle jubileumsmøte, blant anna med den verdskjende sosiologen Anthony Giddens.

Historieverk om Universitetet i Bergen Den største einskildmarkeringa av Universitetet sitt jubileum var utgjevinga av eit to-binds historieverk om institusjonen. Verket er eit resultat av ein ti år lang prosess, og kom i første omgang ut i eit opplag på 5000 eksemplar. Historia til Bergen Museum og Universitetet i Bergen blir fortald og analysert over nesten 1500 sider, og kvart fagområde har fått sitt eige kapittel der historiske trådar og faglege utviklingstendensar står i fokus. Dei to binda har også eit rikt utval av bilete og illustrasjoner av sentrale personar og hendingar i Universitetet si historie. Til saman har verket bidrag frå 14 forfattarar.

Historieverket var Universitetet si jubileumsgåve til alle tilsette. I august vart det halde eit eige seminar, der ulike delar av verket vart diskuterte. Seminarinnlegga vart gjevne ut som eit frittståande appendiks til historiebøkene.

I løpet av 1996 kom også arbeidet i gang med å skrive studentane si særskilte historie. Universitetsbiblioteket kom ut med ei eiga historiebok på hausten i 1996, der historia sidan starten i 1825 blir fortald.

## SATSING PÅ NYNORSK

**Det akademiske kollegium har vedteke nye reglar for målbruken ved Universitetet. Minst 30 prosent av saksdokument og publikasjonar frå Universitetet i Bergen skal vere skrivne på nynorsk. Minstekravet for bruk i offentleg teneste er 25 prosent.**

## JUBILEET SYNTES FRAM UNIVERSITETET

**50-årsjubileet i 1996 vart eit utstillingvindauge for Universitetet. Det vart særleg lagt ned eit omfattande arbeid ved dei einskilde fakulteta og fagmiljøa i arrangeringa av «opne dagar». Mange folk vitja desse arrangementa, som inneheldt tilbod om tallause populærvitenskaplege forelesningar, omsyningar og utstillingar i fakulteta sine eigne omgjevnadar. Dei mange originale bidraga frå fagmiljøa gjorde også at det vrimla av folk på Muséplass under det felles utandørs «Open dag»-arrangementet i august.**

**POPULÆRT LAURDAGS-  
UNIVERSITET**

**Laurdagsuniversitetet har gjennom mange år bygd seg opp til å bli ein institusjon i Bergen, med populærvitkskaplege forelesingar retta mot innbyggjarane i byen. I 1996 var «Livet, døden og kjærligheten» temaet for forelesingsrekka, som vart halden på Den Nationale Scene.**  
**Samarbeidet med teateret omfattar kunstneriske innslag mellom dei to delane av kvar forelesing.**

[HTTP://WWW.UIB.NO/](http://WWW.UIB.NO/)

**Den nye informasjonsteknologien har etablert seg som verktøy for intern og ekstern informasjon og kommunikasjon ved Universitetet. Det såkalla ELIN-prosjektet har i tre år arbeidd med ulike informasjonsteknologiske problemstillingar, særleg omkring bruk av Verdsveven. Det er mellom anna lagt fast ei intern ansvarsdeling for dette feltet, og det er utarbeidd retningsliner for utforming av Universitetet sine heimesider. Ei arbeidsgruppe innan prosjektet arbeider med vidare utvikling og strategi.**  
**Informasjonsavdelinga, IT-avdelinga og Universitetsbiblioteket er sentrale deltagarar i dette arbeidet.**

**Tabell 6: Formidling og utadretta verksemد i 1996.**

Planlegging og produksj. – permanente utstillingar	18
Planlegging og produksjon – skiftande utstillingar	95
Omsyninger	961
Vitjarar ved utstillingar og omvisninger	58 256
Publikumstilførsel/faglege førespurnadar*	26 711
Foredrag	3 038
Populærvitkskaplege artiklar og kronikkar	822

\* I tillegg kjem førespurnadar til Universitetsbiblioteket som utgjer mellom 700 tusen og 800 tusen.

### Forskningsformidling

Den populærvitkskaplege publiseringa auka merkbart i 1996, samanlikna med året før. Samla for heile Universitetet vart det publisert 822 populærvitkskaplege artiklar og kronikkar, og det vart halde 3038 foredrag. Dette talet inneheld også nokre foredrag av meir spesifikk forskingskarakter i særskilde forskingsmiljø. Det vart planlagt og produsert atten faste og 95 skiftande utstillingar, og totalt vart det gjeve 961 omsyningar ved Universitetet.

Budsjetttrammene for universitetsmusea vart utvida i 1996, og Bergen Museum fekk utvida ansvarsområdet sitt til også å gjelde Muséhagen og Veksthuset. Publikumstalet ved Bergen Museum var på 53 818, mot 58 246 for 1995. Fleire nye utstillingar vart opna i 1996.

Forskningsdagane 1996 gjekk av stabelen i september. Forskningsdagane er meint å vere ein nasjonal dugnad der universitet, høgskular og andre forskingsinstitusjonar viser fram noko av det som foregår av forsking her i landet. Temaet for forskningsdagane 97 var veret, og i høve 50-årsjubileet var opningsarrangementet lagt til Bergen. Klasse 3A ved Fana gymnas fekk prisen som vinner av Universitetet sin forskingskonkurranse for elevar i den vidaregåande skulen. I byrjinga av oktober heldt UiB-nestorane Torstein Bertelsen, Willy Dahl, Knut Fægri og Arild Haaland forelesingar under samleittelen «Con amore».

- Tab. 6 syner nøkkeltala for formidling i 1996.

### Publikasjonar

Det populærvitkskaplege tidsskriftet Naturen kom ut med 6 nummer og Arkeo med 2. Ved Bergen Museum vart det starta ein ny skriftserie i 1996, «Bergen Museums skrifter». Skriftserien vil kome i to delar, ein for

kulturhistoriske emne og ein for naturhistoriske emne.

Universitetet i Bergen sitt eksterne magasin, UiB-magasinet, kom ut med eit dobbelt jubileumsnummer i 1996. I tillegg vart det gjeve ut eitt ordinært og eitt engelskspråkleg nummer av magasinet.

Internavisa På Høyden kom ut med 20 nummer, deriblant eit stort jubileumsnummer som innleidde jubileumsåret. I jubileumsveka i august kom det i tillegg ut eit ekstranummer av På Høyden i tabloidformat. Dette vart distribuert til innbyggjarane i Bergen som bilag i Bergens Tidende.

I 1996 utarbeidde Informasjonsavdelinga ein ny presentasjonsbrosjyre for Universitetet i Bergen. Presentasjonsbrosjyren er trykt både i norsk og engelsk versjon.

### Elektronisk kommunikasjon

Det er ei utfordring for Universitetet å vere aktivt med i utviklinga innanfor elektronisk kommunikasjon. Universitetet har i 1996 vidareutvikla dei elektroniske tenestene sine, og nyttar aktivt elektroniske media i kommunikasjonen både med studentar, tilsette og andre.

Det meste av dei sentrale styringsdokumenta og studentinformasjonen frå Universitetet ligg i dag på Verdsveven. Det er også utarbeidd ein felles mal for korleis elektronisk informasjon frå Universitetet i Bergen bør sjå ut. Universitetet sine web-sider finn ein på Verdsvev-adressa <http://www.uib.no/>.

Informasjonsavdelinga har ansvaret for den nettbaserte informasjonen ved Universitetet. Saman med IT-avdelinga og Universitetsbiblioteket vart ELIN-prosjektet (Elektroniske INformasjonstjenester ved Universitetet i Bergen) starta i 1995. ELIN-prosjektet skal koordinere, utvikle og kvalitetssikre den elektroniske informasjonen ved Universitetet.

### Mediekontakt og personleg kommunikasjon

Personalet ved Universitetet yter ein stor formidlingsinnsats både gjennom å svare på spørsmål frå publikum, og

**Tabell 7: Klinikkverksemد.**

	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996
Pasientar	11 665	13 437	11 436	10 162	12 283	12 687	18 956
Konsultasjonar/behandl.	26 830	24 509	17 393	16 308	38 518	38 961	40 394
Pasientinntekter (96-kr.)	6 462 448	8 604 165	9 258 780	9 231 359	8 886 631	9 087 278	9 249 771

\*\* I 1992 og 1993 blei berre tala for behandlinger rekna med for Det odontologiske fakultet.

Tala i 1992 og 1993 kan derfor ikkje samanliknast med tala for 1990, 1991 og 1994-96

som aktørar i presse og media.

Informasjonsavdelinga arrangerte i løpet av året eitt kurs i mediekontakt for vitskapleg tilsette.

Laurdagsuniversitetet er eit populært samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Den Nationale Scene. Samarbeidet vart utvida hausten 1996. Den populærvitskaplege foredrags- og debattserien hadde eit gjennomsnittleg besøkstal på 170. Gjennomsnittsalderen for publikum er relativt høg, og i 1996 var 90 prosent av publikum kvinner. Hovudtemaet for Lørdagsuniversitetet i 1996 var «Livet, døden og kjærleiken».

#### Klinikkverksemد

Det odontologiske fakultet og Det psykologiske fakultet tek imot pasientar i klinikkar. Dette er eit behandlingstilbod for lokalbefolkinga, og er ein føresetnad for undervisning og forsking ved desse fakulteta. Det samla økonomiske omfanget av denne verksemda var 9 249 771 kroner i 1996, mot 8 973 385 kroner året før. Talet på pasientar og konsultasjonar syner også ein svak auke frå tidlegare år.

- Tab. 7 syner pasienttala for klinikkverksemда i perioden 1990-1996.

# UNIVERSITETET SOM ARBEIDSPLASS

## MEIR LØN TIL JURISTAR

**Det juridiske fakultet har i fleire år hatt problem med å rekruttere fagpersonar til ledige stillingar. Store lønsforskjellar mellom juristar i forskarstillingar og kollegar i «utøvande» juristyrke har også blitt dokumentert. Kollegiet vedtok difor eit særskilt lønstilllegg for juristane i 1996, og håpar at dette skal sikre kompetansen ved fakultetet. Det kan også bli aktuelt å vurdere tilsvarande tiltak for vitskapleg personale ved psykologi- og medisinfaga.**

## NYTILSETTE FÅR BETRE INNFÖRING

**Eit introduksjonsprogram for nytilsette er eitt av resultata av den omfattande prosessen med utvikling av organisasjonen som Universitetet har vore gjennom dei siste to åra, det såkalla PAI-prosjektet. Programmet gjeld i første rekke dei som går inn i vitskaplege stillingar. Dei får utnemnd ein kontaktperson ved instituttet, og skal ha samtalar med instituttstyrar minst to gongar i løpet av det første halvåret. I tillegg får dei mellom anna tilbod om eit introduksjonskurs om Universitetet i Bergen. Eit anna resultat av PAI-prosjektet er innföring av medarbeidarsamtalar på alle nivå ved institusjonen.**

Pr. 30. september 1996 var det i alt 2071 tilsette årsverk i hovudstillingar ved Universitetet i Bergen, mot 2012 året før. Dette talet inneheld ikkje forskrarar og stipendiatar som er tilsette ved Unifob. Stillingane fordeler seg på 1014 vitskaplege og 1057 tekniske og administrative stillingar. Dette inneber ein svak nedgang i talet på vitskaplege stillingar frå året før.

## Lærekrefter og studenttal

Universitetet hadde hausten 1996 858 tilsette i faste vitskaplege heiltidsstillingar. Dette er 194 fleire enn i 1990. I tillegg kjem 158 stipendiatsillingar og 26 årsverk i vitskaplege bistillingar (i første rekke professor II-stillingar, som er 20 prosent stillingar). Forholdstalet mellom studentar og vitskapleg tilsette har endra seg lite frå 1990 til 1995.

- Tab. 8 syner talet på tilsette pr. 30. september i årsverk etter kategori og fakultet/eining.

Kollegiet vedtok i mars ein ny strategiplan for utvikling av arbeidsmiljøet ved institusjonen. Planen skal gjelde fram til 1998, og har tre hovudmål: Alle einingar ved Universitetet skal setje i gang eit systematisk utviklingsarbeid for arbeidsmiljøet. Det mellom-menneskelege samspelet skal stå i fokus for heile perioden. Det skal også foretakast ein gjennomgang av studentane sine rettar og plikter i høve til studiemiljøet.

Som eit ledd i PAI-prosjektet er det laga eit introduksjonsprogram for nytilsette. Programmet gjeld i første rekke dei som går inn i vitskaplege stillingar. Desse får introduksjonskurs, ein eigen kontaktperson på instituttet, og skal ha samtalar med instituttstyraren minst to ganger i løpet av det første halvåret.

## Helse, miljø og tryggleik

Det systematiske arbeidet med helse, miljø og tryggleik har stått i fokus i 1996. Universitetet sine retningslinjer for internkontroll av helse, miljø og tryggleik vart reviderte, og desse går fram av «HMS-håndboken – retningslinjer for internkontroll av helse, miljø og sikkerhet ved Universitetet i Bergen». Handboka tek utgangspunkt i den trøngne grunneiningane har for råd og rettleiing i systematisk arbeid med HMS. Bakgrunnen for oppdateringa av retningslinene var at ein ikkje hadde fått i gang systematisk HMS-aktivitet ved grunneiningane. I 1996 har ein fått ein merkbar auke i slik lokal aktivitet.


Over halvparten av einingane har arrangert HMS-møte, der det psykososiale arbeidsmiljøet har vore tema. Nær halvparten av einingane har utarbeidd handlingsplaner innan HMS. I 1995 var det slike møte og planar berre ved omlag ein tiandedel. Det er likevel eit godt stykkje att før alle einingar har fått etablert eit systematisk lokalt HMS-arbeid.

HMS-avdelinga sine opplæringsaktivitetar har i 1996 hatt

**Tabell 8: Tilsatte per 30.9.96 rekna i årsverk.**

Kilde: DBH	Prof.	Aman.	Rekrutt.	Andre Vit.sk.	Adm. ledere	Andre tekn. /adm.	Sum
Hist.fil.	82	137	33	4	15	73	344
Mat.nat.	106	99	44		24	178	451
Med.fak.	86	57	33	2	10	150	337
Odont.	19	18	7	21	1	100	166
Samf.vit.	40	69	25	1	9	45	189
Jur.	12	13	6		1	16	48
Psykol.	17	44	9	0	7	31	108
Fakulteta	361	437	157	28	66	594	1.642
Bergen Museum	4	17	1		2	42	66
Mediesenteret			10		2	4	6
Univ.bibl.					11	79	100
Adm.avd.					48	210	258
Sum adm.avd.	4	27	1	0	63	334	429
Sum fak.avd.	365	464	158	28	128	928	2.071

**Fig. 8: Kvinnelege vitskaplege og teknisk-administrative tilsette per 30.9 i perioden 1990-96.**



1620 deltakarar. Hovudtyngda av desse opplæringsaktivitetane har strekt seg over to timer. Russførebyggjande prosjekt, arbeidsmiljø ved data-arbeid, opplæring i Universitetet sitt HMS-system og opplæring i gjennomføring av HMS-møte har vore dei viktigaste aktivitetane.

Informasjon om HMS-arbeidet er gjort tilgjengelig på Verdsveven ([www.uib.no/hms](http://www.uib.no/hms)). Her finst HMS-handboka, informasjon om HMS-avdelinga, informasjon om Arbeidsmiljøutvalet, referansar til andre universitet m.m.

HMS-avdelinga har i samarbeid med Kontor for innkjøp og Universitetet sitt hovudverneombod utarbeidd retningslinjer for utforming av nye data-arbeidsplassar og forbetringar av eksisterande arbeidsplassar. Ein har klart å ta omsyn både til ergonomi og økonomi i dette arbeidet.


#### Kjønnsfordeling og likestilling

Innslaget av kvinner i vitskaplege stillinger (inkl. rekrutteringsstillinger) var stabilt frå 1995 til 1996. I 1996 var 20,9 prosent av dei tilsette i slike stillinger kvinner.

Innslaget av kvinner i teknisk-administrative stillinger var 638 i haustrsemesteret 1996, ein andel på 60,4 prosent.

Rekruttering av fleire kvinner til vitskaplege stillinger er ei sentral målsetting for Universitetet. Ein ser allereie positive tendensar innan

**Fig. 9: Relativ kvinnandel blant studentar og tilsette.**



somme fagmiljø, men mykje arbeid står framleis att.

Eit godt utviklingstrekk er at talet på kvinnelege doktorstudentar har auka dei siste åra. Fleirtalet av hovudfags- og mastergradsstudentar ved Universitetet har i fleire år vore kvinner, og no utgjer kvinnene omlag 30 prosent av doktorgradsstudentane. Opprettinga av såkalla post.doc-stillingar vil også kunne vere med på å auke kvinneandelen ved Universitetet. Andelen av kvinner i vitskaplege rekrutteringsstillinger ser ut til å stabilisere seg på rundt 40 - 45 prosent.

I 1996 vedtok Kollegiet å opprette ei eiga fulltids stilling som likestillingsrådgjevar ved Universitetet. Likestillingsrådgjevaren er plassert under Personal- og økonomiavdelinga, og tiltrer i januar 1997. Den første store arbeidsoppgåva for den nye likestillingsrådgjevaren blir å utforme ein ny handlingsplan for likestilling ved Universitetet.

- Fig. 8 viser kvinnelege vitskaplege og teknisk-administrativt tilsett pr. 30.9. i perioden 1991-1996.
- Fig. 9 viser relativ kvinnandel blant studentar og tilsette 1991-1996.

**UTVIKLING AV ARBEIDSMILJØET**  
**Det er vedteke ein ny strategiplan for utvikling av arbeidsmiljøet ved Universitetet. Planen skal gjelde fram til 1998, og har tre hovudmål: Alle einingar ved Universitetet skal setje igang eit systematisk utviklingsarbeid for arbeidsmiljøet, det mellommenneskelege samspelet skal stå i fokus i perioden, og studentane sine rettar og plikter i forhold til studiemiljøet skal gjennomgåast.**

**TLF. 55 58 00 00**  
**Den nye telefonsentralen ved Universitetet vart teken i bruk i august 1996. Omlegginga til den nye sentralen var den største som nokon gong er gjort i Bergen, og gjekk unna med berre små forviklingar. Dermed er dei aller fleste einingane på det geografisk spredde universitetsområdet knytte saman. Den nye 55-58-sentralen inneheld 4500 telefonnummer.**

**OMSTILLINGSAVTALE**  
**Universitetet har underteikna en omstillingsavtale med arbeidstakarorganisasjonane ved institusjonen. Avtalen regulerer rettar ved endringar i arbeidsavtalar, til dømes i samband med omstruktureringar i institusjonen. Arbeidstakarane blir mellom anna garanterte at dei vil få tilbod om arbeid med tilnærma likt innhald og same løn, om det skjer endringar som får konsekvensar for stillingane deira.**

# ØKONOMI OG RESSURSAR

## ØNSKJER AUKA SAMARBEID MED NÆRINGSLIVET

**Forskningsverksemda ved Universitetet vert finansiert med om lag like deler frå Departementet og frå eksterne kjelder.** Dei viktigaste samarbeidspartnarane er Noregs forskningsråd og andre statlege kjelder. Det er klart ønskeleg å styrke samarbeidet med industri og næringsliv innan forsking og utdanning, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

**TRENG AUKA VEDLIKEHALD**  
**Universitetet har dei siste åra gjennomført eit omfattande program for ombyggingar og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen. Ein treng likevel fleire midlar for å kunne take vare på den realkapitalen bygningsmassen til institusjonen representerer på ein fullgod måte.**

**REDUSERTE TELEFON-KOSTNADAR**  
**Ein avtale med svenske Telia om levering av utanlandssamtalar vil truleg senke dei årlege telefonutgiftene til Universitetet med omlag 300 000 kroner. Avtalen gjeld fram til 1. januar 1998, når den norske innanlandsmarknaden for teletjenester blir liberalisert. Universitetet brukar framleis Telenor som leverandør av innanlandssamtalar, og har rundt ein million kroner i årlege teleutgifter.**

## Rekneskap 1996

Universitetet sitt budsjett er gjeve over kap. 261 og 281 i statsbudsjettet, og omfattar løyingar til drift og investeringar samt eit bruttobudsjett (med inntekts- og utgiftsbudsjett) for den eksternt finansierte verksemda.

Driftsutgiftene som omfattar løn (post 01), varer og tjenester (post 11) og refusjon til sjukehus i samband med medisinarutdanninga (post 61), utgjorde i 1996 1 050,7 millionar kroner. Dette er 33,7 millionar mer enn løyvd. Meirutgiftene er dekkja inn med meirinntekter som utgjorde 34,2 millionar. Overskytande meirinntekter på 0,5 millionar kroner er overførte som ubrukt driftsløying til 1997.

Driftsutgiftene viser ein auke frå 1995 på 85,6 millionar kroner, og kjem i hovudsak av lønsoppgjeret og studenttallsauken frå hausten 1995, som fikk heilårseffekt i 1996.

Investeringsbudsjettet omfattar i hovudsak løyingar til utstyr (post 45) og ekstraordinært vedlikehald og mindre ombyggingar (post 46). I 1996 vart det rekneskapsført 82,7 millionar kroner på desse postane, mot 74,0 millionar i 1995. Utgifter til ekstraordinært vedlikehald og mindre ombyggingar (post 46) utgjorde 59,1 millionar, dvs. 16,6 millionar meir enn i 1995. Utgifter til større utstyrssinkkjøp (post 45), inkludert vitskapleg utstyr, utgjorde 23,6 millionar, som er 7,3 millionar mindre enn i 1995. I tillegg er det i samsvar med løyinga rekneskapsført 6,0

millionar kroner under post 30 til Felles grunnarbeid ved Universitetet. Dette er ei dobling i forhold til 1995.

Dei overførte løyingane på investeringsbudsjettet frå 1996 til 1997 er gått ned med 19,8 millionar kroner til 7,5 millionar, og har samanheng med større press på investeringspostane.

I tillegg til basisbudsjettet som er omtalt ovanfor, omfattar kapittel 261 den eksternt finansierte verksemda organisert i den såkalla «Bergensmodellen». Utgifter og inntekter blir ført brutto over utgiftspost 21 og inntektpost 01 på inntektskapittel 3261. Utgiftene utgjorde 274,7 millionar kroner i 1996, mot 224,3 millionar i 1995. Inntektene utgjorde 282,8 millionar. Meirinntekten på 8,1 millionar kroner er i samsvar med kravet Stortinget har vedteke, og representerer universitetet sitt «konsernbidrag» til staten.

Post 21 inneheld 46 millionar kroner som Universitetet formidlar til Senter for internasjonalt universitetssamarbeid (SIU).

• Tab. 9 syner rekneskapsen for 1996.

Auken i den eksternt finansierte verksemda i «Bergensmodellen» på 50 millionar kroner frå 1995 skriv seg i hovudsak frå EU-prosjekt og forskningsprosjekt finansierte av Norges Forskningsråd.

Den etterfølgjande tabell 11 gjev

**Tabell 9: Rekneskap for 1996.**

Kap.261 og 281:	Budsjetttramme	Regnskap	Søkes overført til 1997
01 Lønninger (1)	742.105.000	706.654.518	494.000
11 Varer og tjenester	272.014.000	341.077.764	
Sum 01 og 11	1.014.119.000	1.047.732.282	494.000
21 Spesielle driftsutgifter	136.262.000	274.681.781	
30 Felles grunnarbeider	6.000.000	6.000.000	
45 Store nyinnkjøp	26.621.000	23.616.350	3.004.000
46 Ombygginger	63.611.000	59.146.705	4.464.000
49 Kjøp av eiendommer	0	158.714	
61 Tilskott kommun. sh.mm.	2.875.000	2.927.063	
73 Tilskott	7.050.720	6.875.720	
Sum kap. 261 og 281	1.256.538.720	1.421.138.615	7.962.000

1) Inkl. sentralt postert kap. 281 01-8, beregnet til 14,3% av regnskap post 01 førørig.

**Tabell 10: Utgift per studieprogram og per student i 1996.**

Utgifter 1996 i 1000 kr.	Profesjonsutdanningane			Lavere grads studier			Høyere/dr.grad studier			Sum studenter pr. progr.	Sum utgift pr. progr.pr. progr.
	Utgift pr. stud.	Utgift Stud.	Utgift pr. progr.	Utgift pr. stud.	Utgift Stud.	Utgift pr. progr.	Utgift pr. stud.	Utgift Stud.	Utgift pr. progr.		
Jurister	19	2.468	47.729				58	12	696	2.480	48.425
Medisinere	158	749	118.436				242	105	25.452	854	143.888
Odontologer	210	249	52.404				258	29	7.475	278	59.879
Psykologer	129	299	38.439				129	43	5.528	342	43.967
Humaniora	100	121	12.100	28	3.438	97.330	85	1034	87.817	4.593	197.247
Samfunnsfag				26	3.462	90.542	87	979	85.148	4.441	175.690
Mat-nat.				67	1.736	115.701	203	1.207	244.812	2.943	360.512
Helsefag				75	101	7.545	113	66	7.462	167	15.008
Praktisk ped.				120	113	13.560				113	13.560
Ex.phil.				5	1.436	7.180				1.436	7.180
Sum utd. progr.	3.886			10.286			3.475			17.647	1.065 357
<hr/>											
SEVU og uspesifisert											
Sum studenter registrert høsten 1996											
17.686											
Utgifter klinikkskritt Odontologi											
24.537											
Kjøp av eiendommer											
159											
Felles grunnarbeid											
6.000											
Særskilte driftsutgifter (oppdrag)											
274.682											
Leie av lokale											
42.225											
Utgifter til Det norske universitetsråd											
1.303											
Sum utgifter kapitel 261 og 281											
1.414.263											

oversyn over den samla eksternt finansierte verksemda. I tillegg til «Bergensmodellen» inkluderer dette omfanget av verksemda ved stiftinga Universitetsforskning Bergen (UNIFOB), og forskingsprosjekt finansierte av andre verksemder der økonomiforvalting og rekneskapsførel skjer utanfor universitetet sitt budsjett.

- Tab. 10 syner utgifter pr. student i 1996.

### Bygg og lokale

I løpet av 1996 har Universitetet teke i bruk tre nye bygg. Fagmiljøet ved Det psykologiske fakultet skal samlast i Christiesgate 12 og 13. I Christiesgate 18 sto det nye administrasjonsbygget ferdig i desember. Der er Personal- og økonomiavdelinga, Sentralarkivet og Avdeling for administrativ kvalitetsutvikling samlokalisert.

I påvente av nytt PKI-bygg på Haukeland (Bygg for biologiske basalfag), vart det ferdigstilt eit midlertidig undervisningsbygg på Årstadvollen. Dette var nødvendig for å kunna ta imot det auka talet på medisinarstudentar som følger av 150-planen. Stortinget ba i 1996 Regjeringa om å fremje forslag for startløyving til Bygg for biologiske basalfag i det reviderte statsbudsjettet for 1997. Det medisinske fakultet har også teke i bruk eit par etasjer i eit bygg på Haraldsplass for å avlaste presset på undervisninga.

Universitetet er i gang med å brannsikre ei rekke bygningar.

Universitetet har hatt slike tiltak på investeringsbudsjettet i fleire år, og dette arbeidet vil måtte fortsetje i åra som kjem.

1. april var representasjonshuset Villaveien 9 ferdig pussa opp, og det vart brukt aktivt gjennom resten av året. I november selde Universitetet ni bygningar på Nygårdshøyden for tilsaman 18 millionar kroner. Dermed er hovedoppryddinga i Universitetet sin bygningsmasse unnagjort. 48 bygningar er selde i løpet av dei tre siste åra.

Universitetet har likevel hatt ein samla auke i driftsareal på 19 741 kvadratmeter i 1996. Den totale bygningsmassen til Universitetet er på 270 686 kvadratmeter, og Universitetet leier ut 19 184 av desse. I tillegg leier Universitetet 33 131 kvadratmeter, som ein i varierande grad har driftsoppgåver for.

### Eksternt finansiering og næringsretta verksemد

Seksjon for prosjektservice (SEP) vart oppretta i 1995. SEP er den administrative einingen for all eksternt retta verksem, både for Universitetet og Stiftelsen Universitetsforskning Bergen (Unifob). Seksjonen er organisert som ei eining under Unifob, og skal utvikle administrative rutinar for kvalitetssikring. Målet er å gjere drifta av prosjekt i den eksternt finansierte verksemda enklare, meir effektiv og meir kvalitetssikker.

Seksjonen skal yte tenester til institutt og senter, framfor alt innan prosjektetablering, økonomi,

### FERDIG MED BYGNINGSSALET

#### Hausten 1996 selde

Universitetet ni bygningar på Nygårdshøyden for nærmere 18 millionar kroner. Dei siste tre åra har Universitetet kvitta seg med 48 hus på høgda, og hovedoppryddinga i bygningsmassen er dermed unnagjort. Trass dette omfattande salet, disponerer Universitetet stadig fleire kvadratmeter totalt. Nye og meir brukarvenlege lokale er tekne i bruk, noko som også har ført til lågare utgifter til drift og vedlikehald.

### STORTINGSVEDTAK OM BB-BYGGET

Eit nytt Bygg for biologiske basalfag har vore førsteprioriteringa til Universitetet på bygningsfronten dei siste åra. Sjølv om planane for det såkalla BB-bygget ikkje var ført opp som eit prioritert prosjekt då statsbudsjettet vart lagt fram hausten 1996, fekk Universitetet lovnad om at bygget skal realisera. Stortinget har bede regjeringa fremje forslag om byggstartsløyve ved framlegging av revidert nasjonalbudsjett i 1997.

**Tabell 11: Eksternt finansiert forsking i 1996.**

Organisert i:	Stat	Komm./fylke	Oppdragsgiversektor				i %
			Forskn.råd	Private	Sum		
Bergensmodellen	91 816	4 035	100 075	78 756	274 682	62,44	
Unifob	31 536	6 821	39 514	38 930	116 801	26,55	
Andre	6 059	166	14 970	27 249	48 443	11,01	
Totalt	129 411	11 022	154 559	144 934	439 926	100,00	

personaladministrasjon og kvalitetssikring.

Omfanget av den eksternt finansierte verksemda ved Universitetet i Bergen var på 439,9 mill. kroner i 1996. Dette er ein klar auke frå 1995, da talet var 339,7 mill. kroner. Verksemda omfattar omlag 550 årsverk.

Omlag 2/3 av verksemda er knytt til prosjekt som er organiserte innanfor den såkalla Bergensmodellen, det vil seie 274,7 millionar kroner, ein auke på 50 millionar frå 1995. Verksemda i UNIFOB hadde eit volum på 116,8 millionar kroner mot 85,8 millionar året før. Prosjekt der økonomiforvaltninga skjer utanfor universitetet har også auka i omfang, frå 35,2 millionar i 1995 til 48,4 millionar i 1996.


- Tab. 11 syner tala for den eksternt finansierte forskinga i 1996.
- Fig. 10 syner den prosentvise fordelinga av den eksternt finansierte forskinga.

Meltzerprisen, fond og legat  
Meltzerfondet støttar den faglege verksemda ved Universitetet i Bergen med over 5,8 millionar kroner i 1996.

I høve jubileumsåret delte Meltzerfondet ut ein ekstra heiderspris på 100 000 kroner til professor Jostein Goksøy for framifrå forsking. Kvart 5. år blir det delt ut ein ærespris på 200 000, og i 1996 gjekk denne til professor Gunnar Skirbekk.

Årets Meltzerpris til unge forskarar gjekk til professorstipendiat ved Rettsvitskapleg seksjon, dr.juris Erling Husabø, og forskar ved Institutt for den faste jords fysikk, dr. scient Rolf Mjelde.

111 studentar ved Universitetet i Bergen fekk kvar sine stipend á 10.000 kroner frå Meltzerfondet. Nærare 4,5 millionar kroner gjekk frå fondet til generelle føremål,

**Fig. 10: Relativ fordeling av eksterntfinansiert forsking, 1992-**

forskningsprosjekt og reisestipend. Totalt 30 forskningsprosjekt fekk tildelingar frå Meltzerfondet. Tildelingane varierte i storleik.

Universitetet sine eigne fond og legat forvalta rundt 300 millionar kroner i 1996.

# ADMINISTRASJON OG STYRING

12. januar 1996 overtok professor dr.juris. Jan Fridthjof Bernt rektorkjedet ved Universitetet i Bergen etter professor dr.med. Ole Didrik Lærum. Professor mag.art. Kirsti Koch Christensen vart ny prorektor.

Det akademiske kollegium vart frå 1. januar satt saman i tråd med den nye universitetslova. For første gang er det eksterne medlemmer i det øverste organet ved Universitetet. Følgjande er valt for ei treårsperiode: Vitskapleg personale: Professor Bente Alver, professor Gunnar Clausen, professor Kjell Hole, professor Per Magnus Jørgensen, professor Anne Bjørg Tveit. Teknisk/administrativt personale: Kontorsjef Britt Karin Muri, avdelingsbibliotekar Kate Lønningen. Eksterne medlemmer: Turid Visnes og Ingunn Myhre (tok over etter avdøyde Helge Kvamme). Studentrepresentantane velgast for eitt år av gangen. I 1996 satt Aslak Sira Myhre og Petter Snare, medan Stine Akre og Sindre N. Klepp sit for studentane i Kollegiet i 1997.

## Institusjons- og leiingsutvikling

Prosjekt for administrativ institusjonsutvikling (PAI-prosjektet) vart starta våren 1995, for å oppnå betre resultat innan utdanning, forsking og formidling gjennom høgare kvalitet på støttetenestene. Arbeidet heldt fram gjennom heile 1996, med den tidlegare Personal- og organisasjonsavdelinga som koordinator og med Avdeling for administrativ kvalitetsutvikling som rådgivende organ. I løpet av PAI-prosjektet er det sett igang ei rekke utviklingstiltak med brei medverknad frå dei tilsette. 31. desember 1996 låg ei rekke endringar og forslag føre som følgje av prosjektet.

Ein ny organisasjonsstruktur er innført på sentralt nivå. Dei gamle Personal- og Økonomiavdelingane er no slegne saman til ei eining som er lokalisert i det nye administrasjonsbygget i Christies gate. Dei gamle Forskingsadministrative og Studieadministrative einingane vart slegne saman til den nye Forskings- og utdanningsavdelinga.

Prosjektet har grundig teke for seg arbeids- og ansvarsdelinga mellom nivå i administrasjonen, og det er foreslege enklare administrative rutinar. Det er mellom anna utarbeidd eit myndighetskart og stillingsomtalar for administrative nøkkelstillingar.

Eit siktemål i prosjektet er å frigjere tid som dei vitskapleg tilsette idag brukar til administrative oppgåver. På fakultets- og instituttnivå er det i gang ein prosess med forenkling av styringsorgan, mellom anna ved samanslåing eller sanering av fleire utval. Betre rutinar for høyringsutsegner og meir effektiv møtekultur er andre stikkord for prosjektet.

Det har kome fram i alt 120 forslag til betringstiltak innan studie- og forskingsadministrasjon, personal- og økonomifeltet. 11 av desse er prioriterte:

- Utforming av omstillingsplan
- Gjennomgang av Universitetet sitt valreglement for val til styringsorgan
- Gevinstrealisering ved innføring av nye administrative driftssystem
- Forenkling av budsjettprosessen
- Overføring av det overordna ansvaret for felles studentinformasjonsstenester til Informasjonsavdelinga, og revidering og omarbeiding av informasjonsmateriale til studentane
- Vidareutvikle kvalitetssikringssystem for den prosjektorganiserte verksemda
- Gjennomgang av sakskomplekset «dekningsbidrag»
- Nytt introduksjonsprogram
- Klargjering av ansvarsforhold mellom nivåa, gjennom utforming av myndighetskart og stillingsomtalar
- Innføring av medarbeidarsamtalar
- Profesjonalisering og forenkling av tilsetningsprosessen til vitskaplege stillingar

Eit eige utval har arbeidd med evaluering og kvalitetsutvikling. Prosjektet har også lagt vekt på at Universitetet kan oppnå høgare effektivitet og kvalitet gjennom utvikling av organisasjon og kompetanse, ved å nytte ny teknologi innan studieadministrasjon, personal- og økonomiområdet.

## ENKLARE TILSETJINGSPROSSESS

**Det har vore eit problem for fagmiljøa at tilsetjingar i ledige stillingar har teke lang tid. Ei arbeidsgruppe foreslo tiltak for å få ein enklare og meir profesjonell tilsetjingsprosess ved Universitetet. Gruppa foreslår mellom anna at komiteane som vurderer søkjrarar til professorat skal oppnemnast samstundes med at utlysingsteksten blir klargjort. Det kan føre til at ein sparar to-tre månadar på tida som går frå utlysing til tilsettjing. Ein har no sett igang forsøk på grunnlag av arbeidsgruppa sine forslag.**

## BETRE ADMINISTRERING AV STUDENTAR OG SØKJARAR

**1996 var det første året Universitetet i Bergen var med i det nasjonale, samordna studentopptaket. Same året vart studentregisteret ved Universitetet knytt opp til Felles studentsystem på nasjonalt plan. Store tekniske og administrative vinninger er moglege på grunn av dette. Den sentrale studieadministrasjonen vil take ein full gjennomgang av eksisterande oppgåver, for å unngå dobbeltarbeid og få til ei meir formålstøyleg arbeidsdeling mellom forvaltningsnivåa.**

#### **SAMLOKALISERING AV ADMINISTRASJONEN**

**Ferdiggjeringa av det nye  
administrasjonsbygget i  
Christies gate i haust gjer  
det mogleg å samle fleire  
av dei administrative  
fellesavdelingane ved  
Universitetet på ein stad.  
Innflyttinga i det nye  
huset starta allereie i  
desember 1996, og i 1997  
vil alle avdelingane vere  
samlokaliserte.**

**SV-FAKULTETET EVALUERT  
«God leiing på alle nivå».  
Det var ein av  
konklusjonane frå ein  
internasjonal komité som  
evaluerte Det  
samfunnsvitskaplege  
fakultet og avla rapport  
seinvinters i 1996.  
Fakultetet får også skryt  
for mellom anna god  
kvalitetssikring, gode  
lokaliteter og  
tilpassingsevne overfor  
studentmassen. På  
minussida blir nemnt  
mellan anna behov for  
styring over prioriterte  
område, for lite  
samarbeid på tvers av  
institutt og fagfelt, og lite  
ressursar til oppfølging  
av kandidatar. Fakultetet  
fører evalueringa vidare i  
eit omfattande  
strategiarbeid.**

#### **OMORGANISERING FOR ODONTOLOGANE**

**Det vart i 1996 vedteke å  
omorganisere Det  
odontologiske fakultet  
med verknad frå 1. januar  
1997. Fakultetet hadde  
tretten ulike institutt og  
avdelinger fram til da,  
men skal no berre ha to  
grunneiningar –  
Odontologisk klinikk og  
Odontologisk institutt.**

Etter- og vidareutdanning er eit felt som Universitetet satsar på. For å oppnå større institusjonell slagkraft, treng ein både ei betre samordning sentralt og ei sterkare satsing i familjøa.

På sikt blir det arbeidd med ei samordning av Universitetsbiblioteket og IT-avdelinga. Ein eigen prosjektplan er utarbeidd for kvalitetsutvikling av driftstenesta, og eit prosjekt for innkjøpseffektivisering er under gjennomføring.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal kome med konkrete sparetiltak for den daglege drifta. Alt no har ei rekje forslag til tiltak kome fram.

PAI-prosjektet går no inn i ein ny fase, med fokus på ein del praktiske og konkrete prosjekt:

- Prøveprosjekt for tilsetjingar i teknisk/administrative stillingar
- Prøveprosjekt for rekneskap
- Prosjekt for utnytting av ny teknologi i studieadministrativt arbeid
- Kvalitetsutvikling for driftstenesta

Forsøksverksemda med fristilte institutt held fram i 1997, når Historisk Institutt, Institutt for økonomi, Institutt for medievitskap, Fysisk institutt og Institutt for informatikk får utvida fullmakter innan personal- og økonomifeltet.

Det odontologiske fakultet vart vedteke omorganisert frå og med 1. januar 1997. Fakultetet vil få to grunneiningar, Odontologisk klinikk og Odontologisk institutt.

Kollegiet vedtok i april å slå saman Internasjonalt utval og Det sentrale forskarutdanningsutvalet til eit nytt organ: Kollegiets forskingsutval. Utvalet skal vera rådgjenvande organ for Kollegiet i forskingspolitiske saker på institusjonsnivå, og gi råd i prinsippsaker som er knytte til Universitetet si internasjonale verksemd og forskarutdanning.

Kollegiet vedtok også å opprette ei ny biokjemisk fageining ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet. Eininga fekk namnet Molekylærbiologisk institutt, og er ein utløpar frå familjøet ved Det medisinske fakultet (sjå også kapittelet om Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet).

Avdeling for administrativ kvalitetsutvikling har i løpet av året vidareført arbeidet med å fremja kvalitet og betre internkontroll ved institusjonen gjennom førebyggjande og haldningsskapande tiltak. I tillegg har avdelinga vore bidragsytar i det samla forbetnings- og utviklingsarbeidet ved institusjonen.

I samsvar med årsplanen for 1996 vart det mellom anna gjennomført kvalitetsgjennomgang av to grunneiningar ved Det medisinske fakultet og ei grunneining ved Det psykologiske fakultet. Det vart gjeve ei uavhengig vurdering av internkontrollen innanfor styringssystem/organisasjon, økonomi/rekneskap, IT-tryggleik, ekstra-arbeid/bistillingar, gjennomføring og avslutting av prosjekt.

«Innkjøpseffektivisingsprosjektet» vart etablert i 1994, og heldt fram i 1996. Målet med prosjektet er å oppnå betringar av innskjøpsfunksjonen, både når det gjeld intern effektivitet, organisering og kontakt med leverandørar. Prosjektet skal etter planen slutførast i september 1997.

#### **Informasjonsteknologi**

Den nye elektroniske kommunikasjonsteknologien inneber ei utfordring for Universitetet. Fordelane som ligg i teknologien kan bli enorme, og Universitetet har dei siste åra satsa medvite på å vidareutvikle og nytte teknologien på ein gjennomtenkt og god måte. I samarbeid med IT-avdelinga har Avdeling for administrativ kvalitetsutvikling i 1996 sett i verk fleire tiltak for å betre IT-tryggleiken ved institusjonen.

IT-avdelinga ved Universitetet vart reorganisert frå 1. mars 1996. Avdelinga består i dag av fire einingar: Leiing, Administrasjon, Seksjon for brukarstøtte og klientsystem og Seksjon for drift og fellessystem. IT-avdelinga har gjennom heile 1996 arbeidd for å fremje ein samordna IT-strategi ved Universitetet i Bergen, gjennom deltaking i fleire råd og utval.

Universitetet har i 1996 skifta ut det gamle telesystemet med eit nytt digitalt telesentralnett med 4 500

internlinjer. Det vart også lagt nytta fiberoptisk nett for tele og data mellom Universitetet sine ulike geografiske område, frå Dragefjellet til Årstadvollen.

Mengda av Unix-kontoar ved Universitetet var ved utgangen av 1996 7 171. Dette er ein auke på 38 prosent frå året før. Av kontoane er 1 888 studentkontoar. I desember 1996 fanst det 8 437 e-post-adresser ved Universitetet, og det er ein auke på 45 prosent frå 1995. Talet på postmeldingar som gjekk gjennom IT-avdelinga var i 1996 omlag 400 000, mot i underkant av 300 000 året før.

Bruken av vev-tenesta auka også dramatisk i 1996. I desember var det omlag 1,1 millionar aksessar mot vev-tenaren, og omlag 2,7 millionar aksessar mot vev-cachen. Av dette var 921 000 frå lokale UiB-brukarar. Det inneber ein auke på heile 230 prosent frå desember 1995.

Prosjektrapporten «SPRedt IT» vart lagt fram i januar 1996. SPRIT-prosjektet skulle avklare ansvars- og arbeidsfordeling mellom IT-avdelinga og fakulteta, særleg innan brukarstøtte. Prosjektet kartla IT-situasjonen ved dei ulike delane av Universitetet, peika på problem i samarbeid og arbeidsdeling og kom med forslag til betringar.



# DEN MEDISINSKE UTFORDRINGA

Universitetsklinikken Haukeland står overfor store utfordringar i ára som kjem. Utdanningskapasiteten er meir enn dobla frå 1992 til 1996. Samtidig har det skjedd ei rivande teoretisk og teknologisk utvikling innanfor den medisinske forskinga. Bergen satsar no offensivt for å møte framtida som eit oppdatert og attraktivt medisinarmiljø.

– Universitetet har rykte på seg for å vere ein teoretisk tankeverkstad. Utfordringa vår ligg i å skape direkte kontakt mellom teori og praksis, seier dekanus ved Det medisinske fakultet, Jon Lekven. Han meiner medisin og odontologi kanskje er dei fremste döma på korleis teori og praksis, grunnforsking og anvendt forsking, heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre.

– Medisinen har nærare kontakt med samfunnet enn dei fleste andre fag, og må difor ha ein større evne til å forhalde seg til samfunnet og samfunnet sine krav. Utøvinga av faget og medisinsk praksis må difor heile tida ha ein svært sentral plass både i utdanninga og forskinga, seier Lekven.

## Utdanning og forsking

Nasjonal legemangel og utviklinga innanfor medisinsk forsking stiller nye krav til universitetsklinikkane i Noreg rundt ártusenskiftet. Klinikkane må utdanne fleire kandidatar enn før, samtidig som dei heile tida må halde seg fagleg og teknologisk oppdaterte. Aller helst bør klinikkane ligge i forkant av utviklinga.

Desse utfordringane set store krav til infrastruktur, og det er dei fire universitetsklinikkane fullt klar over. Derfor har Tromsø bygd opp nye og flotte anlegg dei siste åra, Rikshospitalet i Oslo er i gang med ei gigantisk opprusting, og i Trondheim har ein vedteke å bygge eit stort, nytt sjukehus i 2003. Kor står Bergen i dette biletet?

– To nybygg er på trappene i Bergen. Det nye bygget for basale biologifag, BB-bygget, kom med på det reviserte statsbudsjettet for 1997, og skal stå ferdig i år 2001. På same tidspunkt kan eit nytt laboratoriebygg stå ferdig, men det kjem an på kva fylkeskommunen får til. Finansieringa av laboratoriebygget ligg nemleg på fylket, seier Lekven.

– Med ei samlokalisering av BB-bygget, laboratoriebygget og hovudblokka på Haukeland sjukehus vil vi møte det nye hundréaret med eit svært slagkraftig medisinsk miljø.

## Samlokalisering og kunnskapsflyt

Med nybygga på plass vil Bergen ha ein samla, moderne og integrert helsecampus. Både studentar og tilsette på medisin har i mange år etterlyst ei tettare samanknyting mellom preklinikk og klinikk, teori og praksis.

– Det blir stadig mindre avstand mellom grunnforskinsresultat og praktisk bruk av forskingsresultata, til dømes innan diagnostikk, seier professor Stein Ove Døskeland ved Institutt for anatomi og cellebiologi.

Døskeland forskar innan basal medisinsk biologi, og mottok i 1996 Kong Olav Vs Kreftforskningspris. Han ser ei klar utfordring i å halde Bergen fagleg oppdatert i ára som kjem.

– Somme klinikkarar uttrykkjer i dag frustrasjon over at dei har problem med å lese og forstå artiklar i sentrale tidsskrift innanfor sine eigne fagspesialitar, fordi metodane no har blitt for avanserte. Samlokalisering av BB-bygget, nytt laboratoriebygg og Haukeland sjukehus er ikkje tilstrekkeleg for å bøte på dette problemet, men det er eit viktig steig i riktig retning, seier Døskeland.

Han meiner samlokaliseringa legg tilhøva betre til rette for at spydspissmiljøa på Universitetsklinikken kan få lettare tilgang på oppdatert basalbiologisk kunnskap.

– Samlokaliseringa gjev eit viktig geografisk bidrag til å styrka både forskinga, utdanninga og den kliniske medisinen ved Haukeland. Men i tillegg er det svært viktig for eit så lite miljø som det bergenske å samarbeide på tvers av faggrensene for å oppnå stor nok fagleg masse, seier Døskeland.

– Det er viktig at både den kliniske legekunsten og den grunnleggjande forskingskompetansen blir halden i hevd av heildagsaktørar på kvart sitt felt. Men det bør også finnast personar med bein i begge leiarar og folk som har bakgrunn frå ein leir, men som arbeider heilt eller delvis i den andre leiren, meiner professoren.

Dekanus Lekven trekker også fram den friare «kunnskapsflyten» som positiv ved samlokaliseringa:

– Kunnskapsoverføringa mellom grunnforsking og klinisk forsking vil kunne bli langt lettare enn i dag. Det vil styrke både det forskingsmessige og det kliniske miljøet ved klinikken.

## 

Den nye studieplanen på medisin legg opp til å trekke vekslar på og overføre kompetanse til dei andre sjukehusa innanfor helseregion 3. Universitetsklinikken Haukeland har gjort avtale om praksisplassar ved Sentralsjukhuset i Sogn og Fjordane, ved Fylkes-sjukhuset i Haugesund og ved Sentral-sjukhuset i Rogaland.

– Dei desentraliserte praksisplassane er ei ny og svært spennande side ved medisinarutdanninga i Bergen. Vi skaper no eit reelt medisinsk kompetansesettverk på Vestlandet som alle tener på; Bergen får hjelpe til å lage eit betre studium, medan sjukehusa får hjelpe til kompetanseheving. I tillegg meiner sjukehusa å kunne betre rekrutteringa si på denne måten, seier Lekven.

Den desentraliserte studentundervisninga i dei kliniske faga har også blitt svært godt motteke blant politikarane på Vestlandet. Ordinga passar svært godt med fylka sine planar om samarbeid mellom sjukehusa.

## Den molekylære utfordringa

Jon Lekven har tidlegare trekt fram forsking på molekylærnivå som den største faglege medisinske utfordringa i ára som kjem. Molekylærmedisin, som til dømes molekylær biokjemi og studiar av arvestoff, har etter kvart kome inn som ein viktig del i dei aller fleste av fagområda innanfor medisinen. Slik forsking gjev no stadig nye og viktige svar på svært mange ársakstilhøve og samanhengar som har vore uforklarte.

Professor Døskeland fortel at utviklinga innanfor fagområdet foregår med rekordfart, og at basal medisinsk biologi er det forskingsfeltet der det blir publisert klart flest artiklar i dei mest respekterte fagtidsskrifta innanfor medisinfaget. Det er altså grunn til å vente seg stadig større funn etter kvart som den molekylære kompetansen blir vidareutvikla i tida framover.

– Det skal fordelast store pengar til molekylærforsking i løpet av dei næreste ára. Å vere ein slagkraftig universitetsklinikk tyder også å gjere seg gjeldande innanfor dei store internasjonale programma som er under oppseglung. Slik sett er også BB-bygget og eit nytt laboratoriebygg avgjeraande for Bergen sine sjansar til å gå inn i det nye ártusenet som ein attraktiv, oppdatert og spennande universitetsklinikk, avsluttar Jon Lekven.



# DET HISTORISK-FILOSOFISKE FAKULTET

## Undervisning og studentar

Studenttalet på lågare grad fekk ein sterk auke i 1995, i samband med opninga av fakultetet. I 1996 har det vore ein mindre nedgang, frå 3530 til 3439. Talet på hovudfagsstudentar har vore relativt stabilt siste året. Regulert opptak på alle fag og auka utesaminering har gjort at fakultetet har fått situasjonen under kontroll på dei fleste faga.

Auken i talet på hovudfagsstudentar har særleg kome etter 1992, 2 - 3 år etter den sterke auken i studenttalet på lågare grad. Det er framleis stor søkning til hovudfag, og ein reknar med ytterlegare auke i 1997-98. Talet på registrerte studentar på examen philosophicum har gått ned dei siste semestra, medan talet på doktorgradskandidatar har auka.

Den internasjonale verksemda auka også i 1996. Studentutvekslingsprogramma (ERASMUS og NORD-PLUS) har vakse, særleg gjeld dette talet på utreisande studentar.

Fakultetet arbeidde i 1996 vidare med utvikling av tilbodet innan etter- og vidareutdanning, og tilboden er blitt relativt omfattande. Ti av institutta ved fakultetet har hatt aktivitet innan etter- og vidareutdanning i 1996. Det har og vore arbeidd med utvikling av fleire fjernundervisningstilbod.

Det er framleis auke i talet på avgjorde eksamenar på lågare grad, mens det er nedgang på hovudfag, doktorgrad og forprøvane. Trass i nedgan-

gen er resultatet på hovudfag framleis relativt godt, og utviklinga har vore positiv på dette feltet etter 1992.

## Forsking

I 1996 har fakultetet arbeidd med å greie ut grunnlaget for eit forskingsprogram-senter innan humanistisk informasjonsteknologi. Vidareføring av Wittgensteinarkivet er også viktig i denne samanhengen. Fakultetet har og arbeidd med å samordne miljøa innan kulturforskning i samband med NFR sitt nye forskingsprogram på dette feltet, og det deltek i arbeidet med å organisere eit tverrfakultært senter for kvinne- og kjønnsforskning. Fakultetet har også delteke i arbeidet med å vidareføre LOS-senteret.

Tal på vitskaplege publikasjonar viser ei negativ utvikling dei siste åra. Det er avgjerande for fakultetet at rammevilkåra for forsking blir betre. Dei store undervisningsoppgåvene retta mot eit breitt fagspekter krev store ressursar, og fakultetet arbeider både med å styrke ressursgrunnlaget og å rasjonalisere undervisninga.

## Formidling og samfunnskontakt

Alle institutt melder om mange publikumsforespørslar og omfattande formidling gjennom foredrag og populærvitenskaplege kronikkar. Historisk institutt har, etter at 1801-folketeljinga vart lagt ut på verdsveven, fått stor auke i førespurnadane, både frå utland og innland. Institutt for musikk har arrangert «fredagsakademiet» som fagleg møtestad for musikk-skulepersonale og -studentar.

## Organisasjon

Den nye instituttorganiseringa vart iverksett i 1995, og det er ikkje gjort endringar sidan, bortsett frå etableringa av Institutt for musikk ved Griegakademiet 1. august 1995. Manglende samlokalisering er framleis et problem for dei nye institutta.

Fagseksjon for humanistisk informatikk vart etablert 1. januar 1996, og EDB-seksjonen gjekk samstundes over til å bli ei rein drifts- og serviceeinining knytt til fakultetssekretariatet.

Arbeidsdelinga mellom institutt og fakultet er endra ved at studierettleininga er overført til institutta. Det er også gjort forenklingar i rutinar kring

eksamsarbeidet. Fire institutt ved fakultetet tek del i prøveprosjekt innan Prosjekt for administrativ institusjonsutvikling, og Historisk institutt er prøveinstitutt ved innføringa av Felles studentssystem.

## FORSKINGSPROGRAM INNAN HUMANISTISK INFORMASJONSTEKNOLOGI

I dei siste tiåra har dataeknologi spela ei stadig viktigare rolle for forskinga ved Det historisk-filosofiske fakultet. Forskarar innan humanistiske fag er ikkje berre passive brukarar av denne teknologien. Dei yter også vesentlege bidrag til utvikling av nye metodar og reiskapar.

Fleire av dei humanistiske fagmiljøa var tidleg ute med å ta teknologien i bruk, og dei har hevda seg godt internasjonalt. I 1996 fekk såleis Humanistisk Datasenter oppdraget med å arrangere den årlege verdenskonferansen for EDB i humaniora. I 1996 fekk fakultetet også koordinatoransvaret for eit SOCRATES-nettverk innan fagområdet med om lag 100 samarbeidspartnarar.

For å koordinere verksemda og gje grunnlag for ein betre infrastruktur har fakultetet vedteke å starte eit forskingsprogram innan humanistisk informasjonsteknologi. Den overordna målsetjinga for programmet er å tene den generelle utviklinga av kunnskap, teori og metodar i dei humanistiske faga ved å:

- bidra til ny utvikling av avanserte IT-baserte metodar i forsking og undervisning
- lette tverrfagleg samarbeid
- bidra til langsiktig kompetanseoppbygging
- nytte og formidle resultat av forskingsprosjekt
- støtte opp under fakultetet sine faglege satsinger
- halde kontakt med næringslivet og andre oppdragsgjevarar
- gjennomføre krav til kvalitetssikring.

Programmet skal etablerast for ein periode på 5 år frå 01.07.97 og evaluerast før det blir teke standpunkt til vidareføring.

Einingar som Humanistisk Datasenter, Norsk Termbank og Wittgensteinarkivet kan inngå som store prosjekt i programmet.

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret *	4637	4593
Kandidater på høgare grad		
Cand. philol	209	185
Cand. polit	13	9
Mastergrad	0	7
Kreerte doktorar		
Dr. art	9	4
Dr. philos	3	2
Vitskaplege publikasjonar	338	392
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	254	256
Teknisk/administrative	71	88
Rekneskap (mill. kr.)	117,7	135,5

\* Ikke medrekna studentar som berre tek Ex. phil. (1490 i 95, 1451 i 96).



# DET MATEMATISK- NATURVITSKAPLEGE FAKULTET

## Undervisning og studentar

Studenttalet ved fakultetet har stabilisert seg frå 1995. Det har vore ei auka belastning på hovudfag og doktorgrad, medan talet på lågaregradsstudentar har gatt noko ned. Forklaringar på dette er mellom anna at dei store kulla til lågare grad frå 90-talet no har nådd hovudfag og doktorgrad, samstundes som rekryteringsgrunnlaget til realfag frå den vidaregåande skulen er synkande. Stadig fleire av studentane har også tidlegare utdanning frå høgskule eller universitet (hausten 1996 utgjorde denne gruppa 36 prosent av studentane). Fleire startar difor på hovudfag allereie etter eitt til to semester ved fakultetet.

Den positive utviklinga i talet på utesaminerte hovudfagskandidater heldt fram i 1996, og talet på utesaminerte doktorandar ved fakultetet var rekordhøgt. Dei tre siste åra har talet på ferdige dr.scient/dr.philos vore rundt 50 kvart år, men i 1996 disputerte heile 60 dr.scient- og tre dr.philos-kandidatar.

## Forsking

Fakultetet har i 1996 hatt følgjande satsingsområde: Marine fag, miljøfag og teknologifag, samt auka satsing på rekrytering av kvinnelege forskarar. Fakultetet har i stadig større grad satsa på å styrke forskinga innan marine fag, og det har blitt oppretta ei ny stilling som forskingsteknikar og

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret*	2.741	2.641
Kandidater på høgare grad Cand. scient Mastergrad	193 6	213 24
Kreerte doktorar Dr. scient Dr. philos	41 8	53 3
Vitskaplege publikasjonar	399	642
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281) Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	259 194	249 202
Rekneskap (mill. kr.)	187,1	204,1

\* Ikke inkl. dei 105 studentane som vart tekne opp i det ekstraordinære optaket i 1996.

ei ny professor II-stilling ved Institutt for fiskeri- og marinbiologi. Som eit ledd i satsinga på kvinnelige forskarar, har fakultetet øyremerka for kvinner eit universitetsstipend på Fysisk institutt. Instituttet hadde frå før ingen kvinnelege stipendiatar.

I 1996 fekk fakultetet innvilga 36 søknadar om støtte frå EU sitt fjerde Rammeprogram for forsking, og har halde oppe satsinga på posisjoneringsstiltak i samband med dette. Gjennom NUFU har fleire institutt engasjert seg i forsking og utdanning i utviklingsland, særleg i Asia og Afrika.

## Formidling og samfunnkontakt

Jubileumsåret var eit godt høve for å profilere fakultetet. Det har teke aktiv del i Forskningsdagane 1996, og har vore ansvarleg for fleire konferansar i samband med desse. På Open dag-arrangementet 4. og 5. oktober vitja over 800 elevar frå vidaregåande skular fakultetet, og det vart halde meir enn 40 populærvitskaplege foredrag med omlag 1500 tilhørarar.

Dei fleste institutta får spørsmål om stort og smått i naturen frå publikum og presse. Geologisk institutt og Botanisk institutt tek del i dei årlege stein- og soppdagane, der fagfolk hjelper interesserte med å identifisere artar og typar. Institutta har ofte vitjingar av skuleklassar.

## Organisasjon

Ordninga med utvida fullmakter til Fysisk institutt og Institutt for informatikk vart vidareført i 1996, og det fungerte positivt både for institutta og fakultetet. Talet på tilsetjingssaker i fakultetet sine styringsorgan har auka kraftig dei seinaste åra. Dette gjeld særleg den delen som omfattar dei eksternt tilsette.

Fakultetet ser med uro på det stadig aukande trøngen til vedlikehald rundt om i bygningsmassen. Problem med plass og mangel på samlokalisering er stadig aukande ved mange institutt. Dette skuldast særleg den aukande eksternt finansierte verksemda, som ofte er plasskrevande.

## EIT NYTT INSTITUTT VED FAKULTETET

I 1996 var det 75 år sidan Bergen Museum oppretta eit Biokjemisk laboratorium med Torbjørn Gaarder som styrar. Laboratoriet var dei første åra plassert i Biologisk stasjon på Marineholmen. Seinare minka aktiviteten, og biokjemisk forsking tok seg først opp att da Biokjemisk institutt vart skipa i 1963. Dette var underlagt Det medisinske fakultet ved UiB, som fekk ansvan for å gi undervisning i biokjemi for dei tre fakulteta (Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, Det odontologiske fakultet og Det medisinske fakultet) under den såkalla PKI-modellen.

I 1996 vedtok Det akademiske kollegium å opprette eit nytt institutt for biokjemiske fag ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet i Høg-teknologisenter-miljøet på Marineholmen. Både i fagleg og geografisk forstand var ringen slutta og eit nytt kapittel for universitetet tok til. Det er likevel verd å peike på at veksten i fagområdet biokjemi/molekylærbiologi har utspring i det fagmiljøet som vart bygd opp på PKI.

Det nye instituttet fekk namnet Molekylærbiologisk institutt, og fekk sitt første budsjettår frå 1. januar 1997 med ein stab på 10 faste vitskapleg tilsette og ein mellombels, 11 i teknisk-administrative stillingar, 18 prosjektilsette og 62 registrerte hovudfagsstudentar. Fakultetet og Kollegiet sitt mål er å få talet opp i 15 vitskapleg tilsette dei første åra. Professor Dag E. Helland, som har leia Felleslaboratorium for bioteknologi i mange år, vart styrar for det nye instituttet i den første valbolken.

Biokjemi/molekylærbiologi er blitt eit sentralt basalfag for dei fleste biologiske disiplinar ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet.

Forskningsaktiviteten ved det nye instituttet spenner over eit stort felt, frå HIV-virus til vågekval og isbjørn, frå utviklingsbiologi til bioinformatikk og kreftforsking.



# DET MEDISINSKE FAKULTET

## Undervisning og studentar

I 1995 auka studentopptaket frå 70 til 120 studentar i klinikken kvart år (120-planen), og i statsbudsjettet for 1996 vedtok Stortinget å auke utdanningskapasiteten i medisin med 75 studieplassar. 30 av dei vart tildelt UiB (150-planen). Hausten 1996 vart såleis det første semesteret med 150 studentar i dei nye kulla.

Første kull i 120-planen vart teke opp i 1992, og skal uteksaminerast i 1998. Denne kraftige studentauken har kravd omfattande studieplanendringar for å oppretthalde studiekvaliteten. Det har mellom anna ført til at Diakonissehjemmets sykehus Haraldsplass har fått funksjon som undervisningssjukehus.

Utvídinga til 150 studentar på kulla i 1996 har medført behov for omfattande investeringar og auka driftskostnadjar for den prekliniske delen av studiet. Gjennomgangen av 120-planen har ført til visse betringar i studieprogrammet, men fakultetet treng framleis å styrke punkt som; legge til rette for betre kontakt mellom pasient og student; betre høva for å innøve og trenre praktisk dugleik i undersøking og enkle prosedyrer; dyktiggjering av kommunikasjon i pasient/lege-forholdet. Desse måla gjeld både for dei tretti nye studieplassane og for dei øvrige studentane.

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemestret*	1.251	1.346
Kandidater på høgare grad		
Cand. med.	79	59
Cand. scient.	30	25
- av dette Fysioterapivitskap	5	6
Cand. Polit. (Sjukepleievitskap)	13	5
Mastergrad	0	2
Kreerte doktorar		
Dr. med.**	36	15
Dr. philos./scient./odont./philos.	10	8
Vitskaplege publikasjonar		
Tilsette ársverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)	853	796
Vitskaplege/rekruttering	191	177
Teknisk/administrativ	153	160
Rekneskap (mill. kr.) **	127,5	140,5

\* Medrekna odontologi preklinikk

\*\* Talet for 1995 er unormalt høgt, sidan våremesteret 1995 var siste høve til å framstille seg etter gammal ordning utan at ein opplæringsdel på 10 vekttal var avgjort.

Den kliniske delen av studiet innan 150-planen vert løyst i eit samarbeid med sjukehusa i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fra haustsemestret 1996 vart det nye studieopplegget innan helsefag hovudfag starta, med dei to studierettingane sjukepleievitskap (16 studentar) og fysioterapivitskap (10).

## Forsking

Forskinga og utviklingsarbeidet er for tida under sterkt press, grunna auken i studenttalet og universitetssykehusa sin vanskelege økonomi og prioriteringar. Utviklinga trugar forskningsoppgåvane, og driv fakultetet mot å bli berre ein skule. Eksternt finansiert verksemd har eit stort omfang. Både det internasjonale forskingssamarbeidet og talet på eksternt finansierte forskingsprosjekt auka i 1996.

## Formidling og samfunnskontakt

Informasjonsverksemda er viktig i det forebyggjande helsearbeidet. Fakultetet sine tilsette medverkar gjennom eit høgt antal foredrag, populærvitenskaplege artiklar, kronikkar, samt deltaking i radio- og tv-program. Eit informasjonsprogram i media er førebudd saman med informasjonsavdelingene ved Universitetet og Universitetssykehusa.

I jubileumsveka presenterte fakultetet den faglege og vitskaplege breidda si gjennom meir enn 100 opne foredrag og presentasjonar for tidlegare og noverande studentar og interesserte.

## Organisasjon

Institutt for biokjemi og molekylærbiologi har teke del i «Forsøksvirksomhet ved instituttet. Ny ledelses- og fullmaksstruktur». Denne opphøyde 31. desember 1996. Etter forslag frå Institutt for klinisk biologi vedtok Det akademiske kollegium å opplyse instituttet frå 1. januar 1997, og å etablere tre nye einingar: Institutt for farmakologi, Institutt for klinisk biokjemi og Radiologisk seksjon. Felleslaboratorium for bioteknologi inngår i Institutt for biokjemi og molekylærbiologi frå 1. januar 1997.

Fra å møte dei oppgåvane 120- og 150-planane har ført med seg, er delar av studieadministrasjonen og

planleggjingsfunksjonane lagt til Sentralblokka ved Universitetssykehusa i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

## DESENTRALISERT STUDENT-UNDERVISNING

er ei utfordring for Vestlandsregionen og Universitetet i Bergen. Når fakultetet sitt studieprogram i medisin no aukar til meir enn det doble, fell dette saman med ei utvikling der dei sjukehusa vi samarbeider med har opplevd så sterkt effektivisering at kåra for studentundervisning har kome under press. Difor er det naudsynt å ta i bruk fleire sjukehus enn dei i Bergen for undervisningsformål i dei kliniske faga.

Samstundes har det i dei seinare åra utvikla seg eit tettare samarbeid innan sjukehussektoren på Vestlandet. I Regionhelseplan Vest frå 1995 vart det mellom anna fokusert på ei aktivering av dei medisinske miljøa ved Universitetet i Bergen, både gjennom desentralisert studentundervisning, stipendprogram, kompetanseoppbygging og samarbeidstiltak i forskinga.

Kopling av desse behova låg såleis vel til rette for at Universitetet kunne etablere eit strukturert Noregssnett-samarbeid også på det medisinske området, noko som vart særskilt godt motteke i ein landsdel der slike samarbeid vert sett på som viktig for både kompetanse- og rekrutteringstilstanden. Studentane våre vil opphalde seg i to omganger ved sjukehusa i Stavanger, Haugesund eller Førde i til saman 15 veker av studietida si, og utplasseringa vert sett i verk så snart det er praktisk mogleg. Undervisninga skal vere forskingsbasert, og difor er studentane berarar av den akademiske tradisjonen slik at den kan kome Vestlandet til gode på ein ny og konstruktiv måte.

I eksamensfaget allmenmedisin er utplassering i kommunehelsetenesta på Vestlandet alt gjennomført for fleire år sidan, med gode tilbakemeldingar frå studentar, kommunehelsetenesta og Institutt for samfunnsmedisinske fag.



# DET ODONTOLOGISKE FAKULTET

## Undervisning og studenter

Det odontologiske fakultet utdanner tannlegar og tannpleiarar. Fakultetet tildeler gradene cand.odont, dr.odont og M.Sc. (Dentistry).

Vidareutdanningsprogramma i kliniske fag gjer spesialkompetanse og er internasjonalt ansette.

Odontologistudiet er svært mål- og skoleretta, slik at det stort sett gjennomførast på normert tid. Det gjeld også studentane på kvoteprogrammet.

Det er viktig at studentane trivast om dei skal fullføre studiet, og fakultetet har difor gjeve økonomisk stønad til ulike studenttiltak. Tiltak innan studiekvalitet og studentvelferd har gjort sitt til at fråfallet frå studiet kan kallast minimalt. Fakultetet har idag eit svært godt og integrerande studentmiljø der studentane tek vare på kvarandre i langt større grad enn det som er vanleg ved andre studie.

Søknadstalla til tannlegestudiet har hatt ei jamn auke over dei siste åra. Fakultetet har nådd sin kapasitetsgrense for opptakstalla på 48. Vidareutdanningsprogramma og spesialistutdanningene er svært etterspurte. 1995 var det siste ordinære opptaksåret for vidareutdanning, og då var det 70 søkerar til 15 plassar. Ein reknar ikkje med at desse talla vil synke. Det som set grensar for desse utdanningane er at løvyingane til fakultetet ikkje tek høyde for desse studentane.

Vidareutdanninga bør vere eit

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	243	255
Kandidatar på høgare grad Cand. odont Mastergrad	20 3	35 3
Kreerte doktorar Dr. odont Dr. philos	4 1	3 0
Vitskaplege publikasjonar	77	78
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281) Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	73 89	64 101
Rekneskap (mill. kr.)	50,5	50,6

satsingsområde i åra som kjem, for å sikre rekrutteringa innan dei ulike spesialitetane, men det forutset at finansieringa betrast.

Fakultetet har også auka etterspørsel frå utanlandske søkerar som ønsker norsk lisens (for at ein er skikka for å utøve yrket). I praksis inneber ein slik lisens ein opplæringskomponent, og det er ei verksemd som kjem i tillegg til dei ordinære utdanningsprogramma i ein allereie pressa klinikkk.

## Forsking og organisasjon

Forskinga ved fakultetet bygger på kliniske, laboratoriebaserte og teoretiske problemstillingar. Den kliniske forskinga utgjer ei særleg styrke gjennom eit stort og stabilt pasientgrunnlag. Ein søker å stimulere både til auka tid til forsking og fruktbare tverrfaglege allianser gjennom omorganisering av fakultetet til to grunneiningar. All klinikkverksemd kjem då under ei leiing, og alle vitskapleg tilsette vert samla i ei anna grunneining.

Fakultetet reduserer eit tradisjonelt sett stort lønsbudsjett for å styrke avsettinga til forskingsprosjekt og investering i vitskapleg utstyr. Både forsking og undervisning i odontologi er utstrysintensive aktivitetar.

## Formidling og samfunnkontakt

Fakultetet fungerer som spisskompetansesenter for tannlegar og tannhelsemiljø i Vest-Noreg. Det vitskaplege og tekniske personale ved fakultetet mottek og svarar dagleg på mange (henvendelser) innan sine fagfelt.

## TUNNELFYLLINGER — EIT ALTERNATIV TIL AMALGAMTERAPI



Gunnhild Vesterhus Strand disputerte i januar 1997 for den odontologiske doktorgrad med avhandlinga «Therapeutic and functional aspects of tunnel preparations in permanent teeth».

For tida forskast det intenst for å utvikle nye fyllingsmateriale og teknikkar som kan vere eit alternativ til konvensjonell amalgamterapi. Tunnelteknikken er ein ny type handsaming for visse karies-skader. Den går ut på å fjerne karies frå «innsida» gjennom ein tunnel frå tyggeflata på tanna. Prepareringa fyllast att med eit vevvennleg glassinonomersegment. Avhandlinga til Vesterhus Strand er ei undersøking av metoden både i laboratoriet og i praktisk/klinisk bruk. Konklusjonen er at tunnelfyllinger er velegna under heil spesielle forhold, men ikkje som eit generelt alternativ til amalgamterapi.



# DET SAMFUNNSVITSKAPLEGE FAKULTET

## Undervisning og studentar

Studentstatistikken viser ein tendens til at tilgangen på nye studentar er i ferd med å flate ut, medan det er eit aukande press på hovudfaga. Utekamineringsstakta for hovudfag er framleis lågare enn opptakstala, noko som kan medføre omfattande problem i åra som kjem. Fakultetet vil vurdere ulike verkemiddel for å betre denne situasjonen.

Arbeidet med vurdering av fakultetet sin studiestruktur og metodeopplæring heldt fram i 1996, og vert avslutta i 1997.

Master of philosophy in Public Administration utekaminererte 8 kandidatar i 1996. I vårsemesteret 1997 vert det utekaminerert kandidatar frå masterstudiet i System Dynamics (opptak annankvart år).

Talet på utekaminerete doktorandar har halde seg jamnt frå tidlegare år, 15 både i 1996 og 1995. Fem av elleve dr. polit.-kandidater var kvinner i 1996, mot ein i 1995.

## Forsking

Fakultetet har ein langsigkt strategi for å styrke forskinga. Det er for tidleg å dokumentere effektar av denne satsinga, sjølv om ein auke på førti prosent i publikasjonsverksemda frå 1994 til 1995, og det at ein holdt 1995-nivået også i 1996, kan vere eit uttrykk for auka vekt på forskinga. Den eksterne forskinga har også auka i 1996. Eit grovt anslag syner at mellom tjue og tretti prosent av

verksemda ved fakultetet er eksternt finansiert.

## Formidling og samfunnskontakt

Fakultetets profilerte seg i samband med universitetsjubileet mellom anna i et todagars Open hus-arrangement, der alle institutta presenterte verksemda si i fleire foredrag og debattar. Institutta sin fagkunnskap vert i stadig større grad etterspurta frå organisasjonar og samfunnet forøvrig. Denne interessa er eit viktig moment i arbeidet med å profilere fakultetet utad. Institutta for medievitskap og samanliknande politikk held fram med å vere svært etterspurde av media, det same gjeld Senter for helse- og sosialpolitiske studiar.

## Organisasjon

Ei rekke endringar vart gjennomførte i fakultetet sin styringsstruktur i 1996, med utgangspunkt i evalueringa av fakultetet og den nye universitetslova. Mellom anna vart det foreteke ein reduksjon frå 29 til 17 medlemmer i fakultetsstyrta, da desse overtok for rolla til fakultetsråda. Ei tilsvarende utvikling er skjedd ved institutta.

Fakultetet ser no resultat av satsinga på doktorgradsprogrammet, det er lettare å rekruttere til mellomstillingar. Men framleis er det vanskeleg å få folk til vitenskaplege stillingar på toppnivå ved enkelte av institutta.

Sekretariatet er styrkt av at to mellombels stillingar er gjort faste (studerettleiar og konsulent for internasjonale saker), og at det er tilsett ei nyoppretta stilling som førstekonsulent med ansvar for forskingsadministrative støttefunksjonar.

Det er installert ny Unix-tjenar for å møte krav i samband med endring av e-post-system og den sterke auken i bruk av Internett.

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustrsemesteret	3107	3098
Kandidater på høgare grad Cand. polit Cand. philol	156 0	165 8
Kreerte doktorar Dr. polit Dr. philos	12 1	12 2
Vitskaplege publikasjonar	196	183
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovedstilling (kap. 261 og 281) Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	138 54	135 54
Rekneskap (mill. kr.)	92,1	96,4

## FORSKING OG FORSKARUTDANNING



er eitt av tre prioriterte område for fakultetet i dei komande åra. Fakultetet sette i 1996 for første gong av særskilde midlar til forskingsformål som eit ledd i planen for å styrke forskinga. Studieåret 1995/96 var også det året fakultetet hadde ein god framgang i forskarutdanninga, med 16 avglate doktorgradar. Publiseringssverksemda auka med førti prosent frå året før.

I komande år blir det lagt opp til å gjøre ei nærmare vurdering og betre avklaring av forholdet mellom institutta ved fakultetet og dei ulike forskingssentra ved Universitetet, særleg ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet. Det viktigaste utgangspunktet er korleis ein kan best take vare på omsynet til eit nært og fruktbart samspele mellom forsking og undervisning, som er universitetets hovedidé. Ein må også legge vekt på korleis den samla forskningsverksemda kan verte størst mogleg, og korleis ein best kan organisere større fleirfaglege forskingsopplegg.

Det er allereie inndeidd drøftingar med omsyn til fakultetet sitt forhold til andre institusjonar i Bergen som driv verksemder retta mot samfunnsvitenskapleg forsking. Dette gjeld Senter for næringslivsutdanning ved Norges Handelshøgskule og Christian Michelsen-instituttet. Desse drøftingane skal førast vidare neste år. Det må vere eit siktemål å utvikle gode samarbeidsformer, som kan sikre eit best mogleg samla samfunnsfagleg forskingsmiljø i området. Fakultetet vil prioritere forsking som har sitt utspring og forankring i grunnmiljøa.



# DET JURIDISKE FAKULTET

## Undervisning og studentar

I 1996 vart det uteksaminert 181 kandidatar som har oppnådd graden cand.jur., medan ingen avla doktorgrad ved fakultetet dette året. Det er teke opp fem nye kandidatar på fakultetet sitt forskarutdanningsprogram i 1996. Ved utgangen av året er det tretten kandidatar på programmet, og tre søknadar er under behandling.

Det totale talet på studentar har vore stabilt. Undervisninga er gjennomført i tråd med planane. Det er gjeve mannduksjonar, seminar og forelesningar i alle fag på dei einskilde avdelingane, samt tilbod om spesialfag, arbeidsgrupper, fakultetsoppgåver og oppgåve- og metodekurs. Dette er mellom anna moglegjort med eit stort antal eksterne lærarar og utstrekkt bruk av vidarekomme studentar.

Fakultetet har vore hovedkoordinator for det juridiske nettverket innan utvekslingsprogrammet NORDPLUS. Innan ERASMUS har fakultetet lagt til rette for overgangen til Socrates-programmet ved etablering av ca. 40 bilaterale avtaler.

## Forsking

Forskarane ved fakultetet har halde eit relativt høgt publikasjonsnivå av både lærebøker, monografiar, lov-komentarar og artiklar i fagjuridiske tidsskrift. Dette er eit godt resultat om ein reknar med underbemanning og den generelt sett pressa arbeids-situasjonen for forskarane. I tillegg har fakultetet sine forskarar medverka til lovutgreiningar og liknande arbeid.

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustrsemestaret	2.563	2.573
Kandidater på høgare grad Cand. jur.	183	180
Kreerte doktorar Dr. juris	3	0
Vitskaplege publikasjonar	51	96
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	33	31
Teknisk/administrative	18	17
Rekneskap (mill. kr.)	31,0	33,3

Forskningsverksemda inneholder i hovudsak bidrag frå erfarte, etablerte forskarar i professorstillingar, dels doktorgrads- og kvalifikasjonsarbeid i samband med tilsetting i stillingar. Det er også innslag av studentforskning i form av særavhandlingar. I 1996 er det levert inn og sensurert seks særavhandlingar og to praksisrapporter.

## Formidling og samfunnkontakt

Fakultetet mottekk gjennom året ei stor mengd forespørslar frå publikum og dei profesjonelle miljøa (advokatar, dommarar og offentlege tenestemenn). Grunna ressursstoda har fakultetet ikkje drive organisert etterutdanning i meldingsåret. Dei ansatte deltek likevel med bidrag i ei rekke eksterne møte, kurs, seminar osb. utanfor fakultetet.

Det er også grunn til å nemne flaglærarane si deltaking som faglege rettleiarar i Jussformidlinga sin kontrollkommisjon. I 1996 deltok 16 lærarar. I samband med universitetsjubileet vart det arrangert ein eigen rettshjelpsdag saman med Jussformidlinga, og det var stor tilstrøyming av publikum.

Det juridiske fakultetsbiblioteket registrerte ei fleirdobling i etterspørsel av tenester etter innflyttinga i nybygget, både i talet på brukarar og på utlån.

## Organisasjon

Instituttinivået opphørde frå 1. januar 1996, og verksemda vart overført til ein utvalsstruktur direkte under fakultetsstyret. Erfaringane har vore positive så langt, og fakultetet har fått ei meir rasjonell og formålstenleg organisering.

Rettsvitskapleg seksjon og fakultetssekretariatet har utarbeidd særskilde handlingsplanar for helse, miljø og tryggleik.

På IT-sida har arbeidet vore koncentrert om vidare utvikling og oppgradering av nettverket. Sekretariatet har gått over fra Macintosh til PC som ledd i tilpassinga til nye administrative

system. Det er skaffa utstyr for vidare utbygging av terminalplassar for studentar. Det er gjeve opplæring til kursleiarar og halde kurs for studentar i Lovdata. Fakultetet har opprettet heimeside på Verdensveven, og lagt ut sentral informasjon om studiet på både norsk og engelsk.



## BETRING I BEMANNINGA

Ei rekordstor söking til fakultetet sitt program for forskarutdanning og ein klar auke i rekrutteringa til vitskaplege stillingar gjev håp om betring av fakultetet sitt langvarige problem med bemanninga.

Tiltaka for å betre fakultetet sin konkurransesituasjon i høve til rekruttering til vitskaplege stillingar ser ut til å ha gjeve den ønskete effekten. Det er registrert rekordstor sökning til fakultetet sitt doktorgradsprogram. Med optak av 5 søkerar og 3 under handsaming gjev dette ei mogleg dobling av talet på deltakarar på programmet. Fakultetet har utanom dette registrert ein auke i sökinga til vitskaplege stillingar frå nye kandidatar.

Sjølv med dei avgrensingane som ligg i bemanningssituasjonen i vitskaplege stillingar, har fakultetet også i 1996 hatt ei medvitne satsing på å allokere ressursar til tiltak for betre studiekvalitet. Resultata har vore positive med rekordhøg produksjon av kandidatar og klare forbetringar i eksamsresultata dei siste to åra. Arbeidet med ny studieordning som vert sett i verk i 1997 har vore prioritert i 1996. Fakultetet har forventningar om at den nye modellen skal gi eit kvalitativt sett betre studium, og gjennom det gi vinstar både i samband med gjennomstrøyming og resultat ved eksamen.



# DET PSYKOLOGISKE FAKULTET

## Undervisning og studentar

Fakultetet opplevde ein markant auke i studenttalet i 1996. På grunnfaget i psykologi vart det gjennomført eit suppleringsoptak hausten 1996, der omlag 270 privatistar fekk studieplass. Totalt vart det difor heile 720 grunnfagstudentar ved fakultetet. Frå og med hausten vart det også oppretta fire nye studieplassar ved embetsstudiet, som følgje av eit vedtak i Stortinget. Desse kjem i tillegg til at optaket er auka med 14 studieplassar som følgje av tidlegare vedtak, av dei er det 6 studentar som tek 1. avdeling i Bergen og 2. avdeling i Oslo.

Det vart avgjort ti doktorgradar ved fakultetet i 1996, av desse var fire kvinner. Det er det største talet nokon gong ved Det psykologiske fakultet.

Til det eittårige studiet i praktisk pedagogikk var det langt fleire søkerar enn studieplassar, og det var stor søkning også til deltaget i arbeids- og organisasjonspsykologi. Til vidareutdanning i barnevern var det stor interesse for å ta studiet som deltidssstudium, og det var også her fleire søkerar enn det var plassar til.

68 sökte seg til Master programme in Health Promotion ved Hemilsenteret, og 20 vart tilbydd plass på studiet. Av dei starta 16 studentar frå til saman åtte ulike nasjonalar.

## Forsking

Det har vore ein klar auke i det internasjonale forskingssamarbeidet ved fakultetet frå 1995. Dette gjeld særleg talet på gjesteforelesarar og -forskjarar, deltaking i internasjonale faglege utval og i internasjonale

forskningsprosjekt. Nasjonalt er det ein relativ stor auke i nasjonale faglege utval, komitéar, redaksjonelle utval og organisasjonsarbeid.

Det er ein markant nedgang i talet på forskningspublikasjonar frå 1995 til 1996. Noko av dette skuldast nok at auken i undervisningsaktivitetar og administrative oppgåver reduserer tida til forskning. Doktorgradskandidatar er med på denne statistikken, og andelen publikasjonar kan forklarast ut frå kor langt hovudtyngda av stipendiatane er komne i studieløpet. For tida har fakultetet mange nye kandidatar.

Det er ein hovudmålsetnad for fakultetet å frigjere tid til forskning. I 1996 intensiverte ein arbeidet med å styrke basalsdisiplinane, samstundes som det tverrfaglege forsknings-samarbeidet innan fakultetet vart styrkt. Det er no særleg viktig å styrke psykometri, kognitiv psykologi og praktisk pedagogikk.

## Formidling og samfunnskontakt

Ein stor del av den utadretta verksemda ved fakultetet er knytt til aktiviteten ved dei fire poliklinikkane. 353 pasientar med totalt 1483 konsul-tasjonar/behandlingar vart registrert i 1996.

Ved *Institutt for klinisk psykologi* vert dei tilsette i stor grad nytta som forelesarar ved etter- og vidareutdanningskurs for både psykologar og andre faggrupper innan helse- og sosial-sektoren. Den primære formidlings-forma ved *Institutt for biologisk og medisinsk psykologi* er publikasjonar i internasjonale peer-reviewed vitskap-plege tidsskrift. Forskarane ved instituttet står for mykje av den internasjonale publiseringa til fakultetet. *Institutt for samfunnspsykologi* får ofte forespørslar fra publikum vedrørande ulike faglege spørsmål. Mange av forskarane ved instituttet har hatt høve til å presentere forsknings-resultat i media, og slik vore med på å synleggjøre noko av det forskings-smangfaldet som finst ved fakultetet. *Institutt for praktisk pedagogikk* er bindeleddet mellom skule og universitetet sine faginstitutt. Talet på vitskaplege publikasjonar auka kraftig i 1996 ved dette instituttet. *HEMIL-senteret* dreiv i 1996 ei omfattande

utadretta verksemd, og hadde eit nært samarbeid med frivillige og statlege organisasjonar, fylke og kommunar om forsking og evaluering innan forebyggjande helsearbeid og helseopplysing.

## Organisasjon

I 1996 flytta delar av fakultetet inn i nye lokale i Christies gate 12, medan dei øvrige institutta og sentra flyttar inn i Christies gate 13 i 1997. Fakultetet er også med i planleggingproses-sen av det nye bygget for biologiske basalfag på Haukeland. Tidlegare har institutt og senter ved fakultetet hatt tilhald i mange små og geografisk spredde bygninger på universitetsom-rådet, noko som har skapt vanskar både for tilsette og ikkje minst studentar.

Nye, felles lokale vil vere med på å synleggjøre undervisnings- og forskningsverksemda som fakultetet driv. Lokalitetane vil gje unike sjansar for bruk av ny undervisningsteknolo-gi, og ikkje minst opne for eit sterkare samarbeid på tvers av fagmiljøa. Kantina vil kunne fungere som eit sosialt samlingspunkt for både tilsette og studentar.

## FAKULTETSBILOTEKET

åpna 14. oktober 1996 i nye, funksjonelle lokale. Det vil framstå som eit sentralt sosialt og fagleg knutepunkt for verksemda. Flyttinga ført til at det psykologiske fakul-tetsbiblioteket gjekk inn i ei ny fase i umiddelbar nærelik til primærbrukarane – studentar og tilsette ved fakultetet.

Boksamlinga er fire gonger større enn det tidlegare Fellesbiblioteket for psykologi og Universitetsbiblioteket sine ressursar i psykologi og pedago-gikk. Talet på tidsskrift er auka med omlag seksti prosent. Det har også vo-re ein stor auke i tilgjengeleg edb-ut-styr og anna teknisk utstyr til brukara-ne, og ei kvantitativ og fagleg styring av personalet. Det gjer at biblioteket no kan tilby langt betre bibliotekstjenester - ikkje berre for eigne til-sette og studentar, men også til andre interesserte, særleg det psykologiske og pedagogiske miljø på Vestlandet.

## Fakultetet i tal

	1995	1996
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	1683	1705
Kandidater på høgare grad Cand. psychol Mastergrad	46 2	53 12
Kreerte doktorar Dr. psychol Dr. philos	2 6	6 5
Vitskaplege publikasjonar	200	186
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovedstilling (kap. 261 og 281) Vitskaplege/rekruttering Tekniske/administrative	79 33	70 38
Rekneskap (mill. kr.)	52,0	56,9



# BERGEN MUSEUM

## Organisering

Bergen Museum har i 1996 fått utvida ansvarsområdet sitt til å omfatte også Muséhagen og Veksthuset (overført frå Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet). Den samla verksemda ved museet er utførleg handsama i Strategisk plan, som stakar ut kurset for arbeidet dei komande fem åra.

Som eit ledd i oppfølginga av Universitetet sin strategiplan for arbeidsmiljøutvikling vart det gjennomført HMS-møte ved internavdelingane ved Bergen Museum.

## Forsking

Arbeidet med å utvikle den tverrfaglege forskingsverksemda er vidareført både nasjonalt og internasjonalt. Mellom anna er det i gang eit oppdragsprosjekt for å kartlegge årsaker til den auka forvitringa av bergkunst/helleristningane, og freiste finne boteråder for dette. Konserveringsavdelinga har arbeidd på ei rekke felt i distriktet.

Oppdragsmengda har minka frå 11 mill. kroner i 1995, til 9 mill. i 1996. Museet har hatt ein oppdragssjef i 20 prosent stilling i 1996, denne stillingen vert auka til 50 prosent i 1997.

Gjenstandar fra samlingane er mykje etterspurde av forskrarar frå inn- og utland, og det er dagleg fleire forespørslar og utsendingar av materiale. Botanisk avdeling gjorde eit stort arbeid med den første utsendinga av parallele herbariesett av sterile skorpelav til 22 herbarium i Asia, Australia, Europa og Nord-

Amerika. Samarbeidet med land i Aust-Europa vart utvida i 1996. Det vart inngått avtaler mellom Arkeologisk institutt ved Vilnius Universitet, Litauen og Bergen Museum/Arkeologisk institutt ved Universitetet. Museet inngjekk også avtale om samarbeid med Nasjonalmuséet og Vitskapsakademiet i Litauen. Antropologisk avdeling og Institutt for medievitskap ved Universitetet arrangerte den 17. filmfestival og konferanse for The Nordic Anthropological Film Association, med stor internasjonal deltaking.

## Formidling og samfunnkontakt

Bergen Museum opna fleire nye utstillingar i 1996. Det var opning av «Historisk kafe» ved Dei naturhistoriske samlingane 25.april, stiftingsdagen for Museet, som hadde ope hus same dag. Jubileumsutstillinga for Universitetet i Bergen vart opna 24. august. Dei kulturhistoriske samlingane opna «Bergen bys ansikt 1650 - 1850» i februar, og «Indianer, Inuit og Aleut: De opprinnelige amerikanerne» i april. Ikonutstillinga i desember var ein del av den nye basisutstillinga for Kyrkjessamlinga. Houvddelen av denne utstillinga vert ikkje opna før Vegvesenet vert ferdig med tunnelsprengingane under Nygårdshøyden. Det har også vore nokre vandre- og punktutstillingar på Museet og i kommunar i Bergen Museum sitt distrikt.

25. april kom første utgave av Årbok for Bergen Museum etter omorganiseringa i 1993.

Jubileumsboka «Norske frontaler fra middelalderen i Berg Museum» kom i august, og det første nummeret av ein ny skriftserie, «Bergen Museum skrifter», kom ut i samband med opning av Ikonutstillinga. Skriftserien vil koma ut i to seriar, ein for kulturhistoriske og ein for naturhistoriske emne. Museet har det redaksjonelle ansvaret for tidsskriftet Arkeo, der mange tilsette er skribentar. I 1996 hadde Museet også ansvar for utgjeving av Museumsnytt, med informasjonsleiaren som redaktør av bladet.

Publikum har også fått ei rekke andre tilbod frå Bergen Museum, som Steindag, søndagsforedrag, framsyning av dokketeater basert på folkeeventyr og Eddadikting, m.m. I 1996 vart det innført inngangspengar ved museet, og opningstidene ved publikumssamlingane vart utvida.

## Undervisning

Mange av dei vitskapleg tilsette ved Museet tek del i den studentretta verksemda ved institutta sine. Museet har byrja å utvikle eit museumsfagleg kurstilbod om metodikk for sikring av bergkunst og om natur- og kulturminne i samarbeid med Arkeologisk institutt. Formidlingsavdelinga er bidragsytar ved etterutdanningskurs arrangert av Skolelaboratoriet for realfag, og deltek også på Vestlandske lærarstemne.




## VINGEN-PROSJEKTET

I dei seinare åra er det vorte klart at store delar av norsk bergkunst forvitrar i aksellererande tempo, og står i fare for å gå tapt. Dette gjeld ikkje minst det store Vingen-feltet i Bremanger. Bergen Museum har difor sett i hop ei forskargruppe frå fagområda geologi, mikrobiologi, botanikk, meteorologi og agrarfag som skal freiste å finne ut årsakene til og boteråder mot forvitringa saman med arkeologisk og konserveringsfagleg ekspertise. Prosjektet er finansiert av Riksantikvaren, Universitetet i Bergen og Landbruksdepartementet, og kom i gang hausten 1996. Ein har alt oppnådd interessante og lovande resultat. Prosjektet skal gå fram til år 2000.

## Bergen Museum i tal

	1995	1996
Vitskapelege stillinger	37,0	34,3
Tekniske stillinger	23,7	25,5
Administrative stillinger	11,2	10,3
Museumsvakter (deltid)	8,6	9,0
Publikumsbesök (tal personar)	58 246	53 818
Ressursgrunnlag i tusen kr. frå UiB	19 846	20 515
Ressursgrunnlag i tusen kr. frå oppdrag <sup>1)</sup>	11 000	9 000
1) Cirkatal		



# UNIVERSITETS BIBLIOTEKET

## Tilvekst, katalogisering og lån

Verksemda ved Universitetsbiblioteket (UB) i 1996 har vore prega av ein auke i bruken av UB sine tenester, og ei vidare utbygging av elektroniske informasjonstenester. Mellom anna var arbeidet med å overføre UB si tidsskriftsamling (9.500 løpende titlar) til periodikamodulen i BIBSYS avslutta i 1996.

Dei siste seks åra har det vore ein jamm, sterkt auke i låneaktivitetene ved UB på 15-30 prosent kvart år. Frå 1995 til 1996 var auken noko mindre, men 10,1 prosent er likevel mykje om ein tek omsyn til at det ikkje var nokon auke i studenttalet ved Universitetet dette året. Utbyggingsgraden for samlingane ved UB har også auka monaleg, frå 10,7 til 27,2 prosent frå 1990 til 1996. Det siste året auka utbyggingsgraden med 2,1 prosent.

Løyningane til litteratursfremmål ved UB, inkludert tilskot frå fakultet og andre, har også ein del dei siste åra i nominelle beløp (frå 8,6 millionar kroner i 1990 til 14,95 millionar i 1996). Realverdien av litteraturmidlane har likevel gått litt ned dei siste 3 åra, og halde seg nær på konstant for perioden 1990 - 1996 under eitt. Dette skuldast at det lenge har vore ein sterk prisauke på litteratur, særleg tidsskrift. Når ein også tek omsyn til at talet på vitskaplege stillingar og særleg studentar ved Universitetet har også monaleg dei siste åra, har det gjennom fleire år skjedd ein reduksjon i realverdien av litteraturmidlar rekna per vitskapleg stilling, og endå meir per student.

## Utbygging av fakultetsbibliotek

Hausten 1996 opna eit eige psykologisk fakultetsbibliotek i Christies gt. 12. Det odontologiske fakultetsbiblio-

teket har gjennomført ei mindre ombygging som har gjort det fysiske arbeidsmiljøet ved avdelinga monaleg betre. UB har i fleire år prioritert å bygge ut fakultetsbibliotek med opne samlingar, der litteratur frå instituttet og UB blir slege saman til større faglege einingar. Ein arbeider no med å skaffe eit høveleg felles fjernmagasin for alle fagfelt, og med å planleggje ei større ombygging og opning av magasin ved hovudbiblioteket, for å gjere det til eit fullgodt historisk-filosofisk fakultetsbibliotek.

I 1996 opna eit EU-dokumentasjonsenter ved Universitetet, organiseret under Det juridiske fakultetsbiblioteket. Det er inngått ein samarbeidsavtale med Hordaland fylkesbibliotek om delar av drifta.

Det vart også gjennomført eit stort arbeid med å gjøre om mellombels stillingar til faste stillingar ved fakultetsbiblioteka, etter at lønsmidlar som tidlegare kom frå dei enkelte fakulteta no er oversørte til UB.

## Utoverretta verksemd

Det vart i 1996 gjennomført 160 kurs og opplæringstiltak for UB sine brukarar, mot 85 i 1995. UB tok aktivt del i feiringa av Universitetet sitt 50-årsjubileum. Det vart gjeve ut ei eiga jubileumsbok om UB, og arrangert ei eiga jubileumsutstilling ved hovudbiblioteket. I tillegg vart det halde eigne arrangement med utstillingar ved fleire av avdelingane ved UB. I alt vart det halde tolv utstillingar ved UB i 1996, mot 10 i 1995.

Mange personar vender seg til biblioteket med spørsmål, personleg eller pr. telefon. Dette vert ikkje systematisk registrert ved alle avdelingane, men ut frå stikkprøvar er det grunn til å tro at talet på slike besøk/spørsmål i 1996 var minst 700.000.

**Forsking og publisering**  
Arbeidet med registrering av forskingsdokumentasjon og doktorgradsavhandlinger frå Universitetet i ein eigen database (FORSKDOK) i BIBSYS har halde fram i 1996,

og samarbeidet med fakultet og institutt er bygd vidare ut. Det er sett i gang eit prøveprosjekt med fulltekst elektronisk lagring av hovedfagsoppgåver i databasen (FULLDOK-prosjekten).

Det er registrert to forskningsprosjekt med deltagning av UB-tilsette i 1996, mot ti i 1995. I tillegg har fem tilsette arbeidd med forskings- og utviklingsprosjekt innan ramma av vanleg arbeidstid. UB-tilsette har dette året gjeve ut sytten publikasjoner, mot seksten i 1995.

Ein av dei UB-tilsette disputerte for dr.scient.-graden i 1996, og ytterligare to UB-tilsette er teknere opp på doktorgradsprogram.

## BILETSAMLINGA VED UB

er særstundes verdifull, også i nasjonal sammenheng. Særleg verdifull er fotosamlinga etter fotograf K. Knudsen. Det er heilt naudsynt å ta betre vare på desse verdiene enn det har vore mogleg å gjøre fram til no. Samstundes ønsker UB å gjøre dette unike materialet betre tilgjengeleg for forsking og formidling ved Universitetet og i samfunnet elles, mellom anna i digital form.

I 1996 vart det gjennomført eit samarbeidsprosjekt med Nasjonalbiblioteket i Rana om avfotografering av den eldste delen av K. Knudsens biletksamling (omlag 15 000 bilet), med stønad frå Norsk Kulturråd. Ein har no også for alvor kome i gang med digitalisering av biletmaterialet. Fram til utgangen av 1996 er omlag 2350 bilet overførde til foto-CD.

Det er i 1996 utarbeidd planar for tre ulike prosjekt for elektronisk biletlagring, som UB prioritærer høgt, og som det er søkt om særskilde løvingar til i 1997:

1) Digital sikring og restaurering av dei mest verdifulle negativa i K. Knudsen-samlinga, slik at nedbryting av verdifullt originalmateriale kan stansast og originalnegativa pakkast ned i kvilande arkiv.

2) Oppbygging av digitalt biletarkiv, med føremål å utvikle digitale publikumstenester.

3) Konvertering av biletreferansar (protokollar og katalogar) til elektronisk form, slik at dei blir tilgjengelege via Internett.

## Universitetsbiblioteket i tal

	1995	1996	Endring-%
Tilvekst av bøker og tidsskrift (band)	34 910	38 020	+ 8,9
Tilvekst ikkje-bokleg matr. (eininger)	10 500	24 600	+ 134,3
Katalogisering av ny litteratur	25 550	25 035	- 2,0
Omkatalogisering/miniregistrering/konvertering	84 650	66 060	- 22,0
Lån	381 325	420 005	+ 10,1
Utnyttingsgrad for samlingane	25,1	27,2	+ 2,1
Tilsette årsverk (inkl. ekstra eng.)	110,7	109,4	- 1,2
Rekneskap (tusen kr.)*	41 244,0	45 814,6	+ 11,1

\* Tala for rekneskap omfattar tilskot frå fakultet og frå Haukeland sjukehus på omlag 2,7 mill. kr. i 1995 og omlag 2 mill. kr. i 1996.



# DET AKADEMISKE KOLLEGIUM

## Samansetting i 1996:

Rektor Jan Fridthjof Bernt  
Prorektor Kirsti Koch Christensen

### Vitskapleg personale

Professor Bente Alver  
Seksjon for folkloristikk  
Professor Gunnar Claussen  
Fysiologisk institutt  
Professor Kjell Hole  
Fysiologisk institutt  
Professor Per Magnus Jørgensen  
Botanisk institutt  
Professor Anne Bjørg Tveit  
Odontologisk institutt

### Teknisk/administrativt personale

Kontorsjef Britt Karin Muri  
Institutt for samfunnspsykologi  
Avd.bibliotekar/førstekonsulent  
Kate Lønningen  
Det juridiske fakultetsbibliotek

### Studentar

Aslak Sira Myhre  
Petter Snare

### Eksterne medlemmer

Turid Visnes  
Helge Kvamme  
– etterfulgt av Ingvild Myhre

## DEKANAR I 1996

Det historisk-filosofiske fakultet:  
Professor Leiv Egil Breivik

Det juridiske fakultet:  
Professor Henry Johan Mæland

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet:  
Professor Eirik Sundvor

Det medisinske fakultet:  
Professor Jon Lekven


Det odontologiske fakultet:  
Professor Per Johan Wisth

Det psykologiske fakultet:  
Professor Håkan Sundberg

Det samfunnsvitenskapelige fakultet:  
Professor Sigmund Grønmo


# UNIVERSITETETS ADMINISTRATIVE ORGANISASJON

PR. 1.1. 1997



# UNIVERSITETETS FAGLEGE ORGANISASJON

PR. 1.1. 1997





Utgjevar: Universitetet i Bergen

Redaksjon: Informasjonsavdelinga

Fototema: «Arbeidsplassen UiB».

Foto: Atle Kårestad.

Trykking: Grafisk Trykk A/S.

Bergen,

1997

